



ÅLESUND KOMMUNE
Postboks 1521
6025 ÅLESUND

Saksbehandlar, innvalstelefon
Yngvild Meinseth, 71 25 85 18

Ålesund kommune

Revisjon av kommuneplanen sin arealdel 2027-2040

Uttale til oppstart

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Varsel om oppstart av rullering av kommuneplanen sin arealdel 2027-2040, er sendt på høyring, med forslag til planprogram for den nye arealplanen. Ålesund kommune sin arealdel består no av kommunedelplanar frå dei fire samanslåtte kommunane Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund. Kommunedelplanane er ulike i alder, innhald og detaljeringsgrad, og det er behov for harmonisering og oppdatering gjennom utarbeiding av felles arealdel for heile kommunen.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Planfagleg

Ålesund kommune presenterer i saksoversendinga eit godt grunnlag for rullering av kommuneplanens arealdel, med utgangspunkt i mål og strategiar frå PAKT, gjeldande arealdelar og andre oppdaterte føringar for arealplanarbeid. Statsforvaltaren gir her nokre innspel til temaområde som vi ut frå våre ansvarsområde opplever som særleg relevante for planarbeidet.

Arealstrategi

Av varsel om oppstart går det fram at kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel skal rullerast/reviderast kvar for seg, men at prosessen for dei to vil gå delvis parallelt i starten. I og med at samfunnsdelens arealstrategi skal gi grunnlag for vurdering av forslag til endring i kommuneplanens arealdel, rår vi til at arbeidet med utarbeiding av arealstrategi prioriterast slik at denne er på plass når innspel til kommuneplanens arealdel skal handsamast. Med omfattande planområde i aktiv region, må ein rekne med vesentleg mengde innspel. Ved avklaring av kva

endringsinnspel som skal vere med vidare inn i konsekvensutgreiing og fram mot planframlegg, vil ein god arealstrategi bidra til å strukturere og rasjonalisere arbeidet.

Arealnøytralitet

Den største trusselen mot biologisk mangfald er at artane sine levestadar endrast på grunn av menneskelege inngrep. Arealendringar er den største trusselen jf. [raudlista](#) over trua artar og rapportar frå Det internasjonale [Naturpanelet](#). Auka press på naturressursar gjer det stadig viktigare å finne balansen mellom utvikling og vern av naturområde. I den samanheng har mange norske kommunar blitt, eller arbeider mot å bli, arealnøytrale. Arealnøytralitet inneber at tap av natur minimaliserast slik at ny utbygging i størst mogleg grad finn stad på allereie utbygde eller «skada» område og menneskeleg aktivitet ikkje fører til netto tap av naturområde.

Statsforvaltaren ber Ålesund kommune vurdere prinsippet om arealnøytralitet i samband med kommuneplanarbeidet.

KS refererer til Nordre Follo kommune sin arealdel som eksempel på korleis prinsippet om arealnøytralitet kan sjå ut i praksis når det gjeld krav som stillast til reguleringsplanar, og korleis eventuelle brot på prinsippet om arealnøytralitet må kompensast. Sjå [Bindende planbestemmelser om arealnøytralitet i Nordre Follo - Hjem](#).

«Planvask»

Eit viktig grep for å unngå å bygge ned meir natur, er gjennomføring av «planvask». Revisjon av kommuneplanen sin arealdel er ein sentral arena for å sikre at samla arealplansituasjon i kommunen er mest mogleg oppdatert. Arbeidet med arealdelen kan også gi god oversikt over reguleringsplanane i kommunen og godt grunnlag for å vurdere kva reguleringsplanar som eventuelt bør endrast eller opphevast. Gjennom planvask kan kommunen sikre eit arealplangrunnlag som er oppdatert ut frå dagens kunnskap, lovverk og politikk, ved å vedta naudsynt endring eller oppheving jf. pbl. §§ 11-17 og 12-14.

Planvask kan vere aktuelt for ikkje-gjennomførte utbyggingsplanar der utbygging ikkje lenger er ønskeleg eller forsvarleg, men også for arealplanar som heilt eller delvis er gjennomførte men ikkje fungerer som avgjerdsgrunnlag. Vidare kan det gjelde utgåtte eller erstatta arealplanar som ikkje er formelt oppheva.

Statsforvaltaren forventar at kommunen som del av arealdelrulleringa gjennomfører «planvask», som ei systematisk vurdering av formål og føringar i gjeldande planar jf. oppdatert kunnskap, lovverk og politikk.

Eit sentralt spørsmål i denne samanhengen er kommunane sitt ansvar ved omgjerding av tidlegare vedtekne utbyggingsområde. Vi minner om brev av 29. januar 2024 frå LMD og KDD til kommunestyre politikarane ([Matjord og arealplanlegging i kommunene](#)), der erstatningsspørsmålet er oppsummert slik:

Utgangspunktet er at ein kommune ikkje pliktar å betale erstatning når kommunen endrar arealføremål frå utbyggingsføremål til LNFR-føremål. Så lenge det er gjort ei sakleg og forsvarleg planvurdering, ligg valet mellom ulike arealføremål til det lokalpolitiske skjønnet. Også i tilfelle der ein utbyggjar har hatt prosjekteringsutgifter for å utvikle eit byggjeprojekt i eit område, skal det svært mykje til før kommunen blir erstatningsansvarleg

I samband med revisjon av arealdelen og planvask vil det vere behov for oversikt over utbyggingsreservar i kommuneplanens arealdel. Rettleiaren [Arealregnskap i kommuneplan](#) beskriv ein metode for utrekning gjennom analyse basert på geografiske informasjonssystem. Vi rår også kommunen til å diskutere/avklare slik framstilling med Møre og Romsdal fylkeskommune, som har god kunnskap og kompetanse om aktuelle digitale analyser.

Føresegner

Statsforvaltaren har generelt eit inntrykk av at føresegner til mange kommuneplanar går ut over dei rammene som følgjer av lova, og at form og ordlyd ikkje er tilstrekkeleg konkrete og eintydige. Ved revisjon av føresegner og retningslinjer vil vi difor oppmode om at kap. 4.4. i KDD sin rettlesiar i [Kommuneplanens arealdel - regjeringen.no](#) blir brukt aktivt.

Natur- og miljøvern

Naturmangfald

Naturmangfaldet er redusert, noko som påverkar økosystema slik at tilstanden på mange vis er dårlegare enn før. Endringar i arealbruk, bruk av hava, hausting av ulike artar, klimaendringar, forureining og spreiding av framande artar har hatt størst påverknad. Klimaendringar er ofte ei tilleggsbelastning. Omdisponering av område til for eksempel veg- og bustadbygging, industri, jordbruk og andre næringsformål er viktig for samfunnet, men kan mange stadar ha stor innverknad på naturmangfaldet.

Ålesund kommune bør ha som mål å arbeide fram ein arealdel som tek vare på nasjonale mål for naturmangfald:

- Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester.
- Ingen artar og naturtypar skal utryddast, og utviklinga til trua og nær trua artar og naturtypar skal betrast.
- Et representativt utval av norsk natur skal tas vare på for komande generasjonar.

Vassdrag

Statsforvaltaren vil rå til at kommunen fastset byggegrense langs vassdrag basert på konkret vurdering av natur-, kulturmiljø- og friluftsinnteresser. Dette er særleg aktuelt i dei større vassdraga, jf. pbl. § 1-8, femte ledd. Vi vil vidare rå til at de også vurderer å fastsette ei breidde på kantsone langs vassdraga jf. § 11-11 nr. 5. Denne bør vere meir enn minimumssona som følgjer av nydyrkingsforskrifta for å ha tilstrekkeleg verknad mot avrenning og flaum, og for å oppretthalde kantsona sin biologiske funksjon, jf. også vassressurslova § 11.

Anadrom villfisk (laks og sjøaure) er artar med store utfordringar og behov for tiltak. Mange store og små vassdrag er vurderte i nasjonal kartlegging (sjøaureprosjektet) og i kartlaget Laks_Sjøaure (under Natur og Arter) i [GisLink karttjeneste](#) kan ein finne informasjon om tilstand for lokale elver og bekkar. Både forvaltninga og frivillige kan kartlegge vassdraga, og informasjonen kan gi innspel til vidare arbeid. [Vann-Nett | Miljøtilstand på vannforekomster i Norge](#) syner tilstanden til vassførekomstar i kommunen. Vitenskapeleg råd for lakseforvaltning (VRL) er også ei informasjonskjelde. [Startside - vitenskapsrådet](#). Mange elver og bekkar har moderat eller dårlegare tilstand for anadrom villfisk. Ein stor påverknadsfaktor er lakselus frå oppdrettsnæringa. Statsforvaltaren rår til at problemstillinga vurderast særskilt i arealplanrulleringa, med fokus på ivaretaking av verdifulle vassdrag og sikring av avstand til oppdrettsanlegg i sjø.

Myr

Myr er viktig levestad for mange raudlista artar, eit viktig karbonlager og eit verktøy i klimatilpassing. Verdiane myrene representerer blir stadig viktigare. Myr er også utsett for utbyggingspress til dømes frå hytteområde, der mange hytter er ønska plassert i beltet med myr-og-skog-mosaikk. Myr er ofte også ønska som utbyggingsområde for næringsareal. Statsforvaltaren rår kommunen til å unngå nye utbyggingsområde på myr, og til å «planvaske» vekk ikkje-bebygd utbyggingsareal på myr som del av kommuneplanrulleringa.

Strandsone

Ålesund kommune har mykje strandsone innafor sitt kommuneplanområde. Strandsona er av nasjonal verdi og skal forvaltast slik at miljøverdiar og allmenne interesser takast vare på. Mange enkeltinngrep i strandsona påverkar naturen og landskapet over tid, og forringar kvalitetane til områda. Klimaendringane forventast å medføre havnivåstigning og meir flaum og stormflo. Dette rammar strandsona spesielt og gjer det enda viktigare å planlegge på ein balansert og langsiktig måte.

Statsforvaltaren forventar at kommunen vurderer ny utbygging i strandsona nøye i forhold til intensjonane bak byggeforbodet som går fram av plan- og bygningsloven § 1-8. Omgrepet «tilgjengeleg strandsone» er relevant i denne samanhengen, då mykje av strandsona av ulike orsakar i realiteten ikkje er tilgjengeleg ut frå allmenne interesser.

Vi minner om at dersom kommunen opnar for utbygging i 100-metersbeltet langs sjøen, må det fastsettast ei særskilt byggegrense mot sjø, i tillegg til at det må fastsettast arealformål som opnar for bygging. Byggegrensa, eller i praksis breidda på strandsonebeltet, bør avklarast gjennom arbeidet med kommuneplanen og skal dersom kommuneplanen fastset byggegrense mot sjø, dokumenterast nærare vurdert som del av kommuneplanarbeidet.

Sjå meir om dette på Miljødirektoratet sine nettsider: [Strandsone i arealplanlegging - miljodirektoratet.no](https://miljodirektoratet.no)

Massehandtering

Det er ei nasjonal forventning at massehandtering blir avklart i regionale og kommunale planar. Kommunen bør vurdere om dei har eigna areal for handtering av overskotsmassar. Mellomlagring, utfylling og deponering av overskotsmassar på land og i sjø og vassdrag kan føre til tap av naturmangfald og landbruksjord, samt gje støy og luftforureining til omgjevnadene. Viss kommunen sett av særskilte areal til dette i overordna plan kan ein unngå uheldige disponeringsløyser for massar ved prosjekt som hastar å finne ei løysing på

Landbruk

I eit felles [brev](#) frå landbruks- og matdepartementet og kommunal- og distriktsdepartementet, vert alle kommunestyrepolitikarar gjort merksame på ansvaret for å redusere nedbygginga av matjord i Noreg. Både dette brevet, samt [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027](#), er styrande for ivaretaking av matproduserande areal i kommunane.

I Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, står det følgjande i pkt. 3.9 om jordvern; «Omdisponering av dyrka jord skal minimerast, og arealplanlegginga skal bidra til å nå målet om redusert omdisponering av matjord i tråd med nasjonal jordvernstrategi. Jordvern bør vere eit overordna omsyn i

arealplanlegginga. Potensialet for fortetting og transformasjon skal kartleggast og bør utnyttast før det vert vurdert å ta i bruk dyrka eller dyrkbar jord til utbyggingsføremål. Omsynet til jordbruket sitt kulturlandskap, urbant landbruk og matberedskap skal også vektleggast. Det bør vurderast å oppheve gamle planer som inneberer omdisponering av dyrka jord, og tilbakeføre areala til LNFR-formål.»

Det [nasjonale jordvernmålet](#) er at nedbygging av dyrka mark skal vere maksimalt 2 000 dekar per år. Fylkestinget har vedteke eit [regionalt jordvernmål](#) for Møre og Romsdal på 100 dekar per år. Desse måla skal leggst til grunn i arealforvaltninga i kommunane.

Skogbruket må også ivaretakast ved at dei treng areal for uttak, lagring og transport av tømmer.

Det er viktig å få utgreidd sjølve konsekvensane for evt. omdisponering av landbruksareal, både dyrka- og dyrkbar mark og skog, og ikkje berre tal dekar. Nedlegging av gardsbruk, tap av leigejord, redusert matproduksjon, drifts- og miljømessige ulemper m.m., er nokre av konsekvensane som nedbygging av matjord og andre arealbruksendringar kan få. Det må settast buffersoner mellom utbyggingsareal og dyrka mark i føresegnene, eksempelvis 30 meter. Det bør også utarbeidast eit oversikteleg arealrekneskap over tilbakeført areal til LNFR-område og forslag til ny omdisponering av dyrka og dyrkbar mark. Bruk av landbruksfagleg kompetanse er ønskeleg i eit så viktig arbeid, og at konsekvensutgreiinga har tydelege kart og flyfoto som syner tiltaka.

Det er positivt viss Ålesund kommune undervegs i planarbeidet, får vedteke ein kommunal jordvernstrategi som kan vere retningsgivande for utarbeiding av arealplana. Det kan [søkast om tilskot](#) til dette arbeidet med søknadsfrist 15. mai 2025 til landbruksdirektoratet.

Klimaomstilling

Riktig arealplanlegging er avgjerande for å redusere utslepp av klimagassar og for tilrettelegging av lågutsleppssamfunnet i 2050.

Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 seier mellom anna:

- Sett mål for å redusere nedbygging
- Gjennomfør planvask
- Unngå nedbygging av karbonrike areal
- Utnytt fortetting og transformasjon først
- Legg til rette for energieffektivisering, fleksibel energibruk og god ladeinfrastruktur
- Ha eit utbyggingsmønster som minskar behovet for transport og fremmar sykling, gåing og kollektivtransport

Det er positivt at kommunen viser til dei nye Statlege planretningslinjene (SPR) for arealbruk og mobilitet og for klima og energi. Her har det kome fleire og meir detaljerte krav. Arealplan i strid med retningslinjene kan gje grunnlag for motsegn.

Det er viktig å planlegge for eit så lite transportomfang som mogleg når kommunen avgjer kor bustadar, kommunale bygg og næring skal lokalisast. Om det ikkje kan ligge i gå- og sykkelavstand, bør det plasserast langs knutepunkt og kollektivaksar.

Kommunen kan knytte føresegner til kommuneplanens arealdel for å legge til rette for kollektivtransport, sykkel og gange, og for å minske bruken av privatbil. Kommunen kan for eksempel stille krav om at gang- og sykkelveggar eller tilrettelegging for kollektivtransport skal vere gjennomført før eit nytt bustadområde kan ferdigstillast. Det kan stillast krav om eit maksimum

tall på parkeringsplassar for bil knytt til arbeidsplassar og bustadar. Likeins kan det stillast krav i føresegnar om at det skal leggjast til rette for sykkelparkering. Sjå [Rettleiar for klimavennleg lokalisering i arealplanlegging \(miljodirektoratet.no\)](#).

Kommunen skal ha oversikt over karbonrike areal, også i sjø, og må så langt som mogleg unngå nedbygging her. Slike områder kan settast til omsynssone «særleg omsyn til naturmiljø» med forklaring på kva slags interesser som skal takast vare på av omsyn til klima. Les meir i rettleiar [Karbonrike arealer i arealplanlegging \(miljodirektoratet.no\)](#)

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Omsynet til samfunnstryggleik skal vere førande for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Kommunen bør derfor i forkant av arealplanlegginga vere kjent med om det føreligg risiko- og sårbarheitsforhold som kan ha følgjer for arealbruken. Dette bør avklarast tidleg i planprosessen slik at det kan vere førande for vidare planlegging. So langt som mogleg bør det avklarast om område er eigna for føreslått utbygging, om areal må sikrast før utbygging osb.

For å kunne førebyggje tap av liv, helse, kritisk infrastruktur og andre materielle verdier er det naudsynt å utarbeide ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) som skal leggjast til grunn for arealplanlegginga, jf. § 4-3 i plan- og bygningslova. Vi ser de er kjent med rettleiaren til Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) «[Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging](#)». Denne tilrår mellom anna at kommunen stiller kvalitetskrav til ROS-analysen. *Eit gjennomgåande krav er at alle kjelder, føresetnadar, og resonnement bak konklusjonane skal vere dokumenterte og moglege å etterprøve.*

Statsforvaltaren tilrår at kommunen utarbeidar ein ROS-analyse på oversiktsnivå tidleg i planprosessen, og nyttar dette som eit kunnskapsgrunnlag for arealplanlegginga. På eit overordna plannivå har kommunen høve til å sjå farar og behov for tryggingstiltak i eit meir heilskapleg perspektiv. Ein slik framgangsmåte vil òg gjere det lettare å tilfredsstille kvalitetskravet til ROS-analysen som skildra i rettleiaren til DSB.

ROS-analysen skal kartleggje kommunen sine eksisterande og framtidige utfordringar med omsyn til både naturbasert risiko, samfunnsrisiko, sårbarheit og beredskap. Målet for kartlegginga gjennom ein ROS-analyse til kommuneplanen sin arealdel vil i hovudsak vere kartlegging på aktsemdsnivå. ROS-analysen kan gjerne ta utgangspunkt i heilskapleg ROS-analyse der denne inneheld funn og forhold som kan få følgjer for arealbruk.

Sidan arealplanen skal angje hovudtrekka i korleis areal skal brukast og vernast, er det viktig at den tar høgde for moglege klimaendringar. «[Statlege planretningslinjer for klima og energi](#)» (SPR) seier at kommuneplanen sin arealdel skal nyttast aktivt for å oppnå ein samla arealdisponering som sikrar omsynet til eit klima i endring. Vi ser i planprogrammet at klima vert ein sentral faktor i arealplanlegginga.

Ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, bør det leggjast vekt på gode heilskaplege løysingar og varetaking av økosystem og arealbruk med verdi for klimatilpassing, som òg kan medverke til auka kvalitet i uteområde. Planar skal ta omsyn til behovet for opne vassvegar, overordna blågrøne strukturar og forsvarleg overvasshandtering. Vi ser at kommunen skildrar dette i planprogrammet. Vi minner elles om at det skal grunnleggjast dersom naturbaserte løysingar ikkje veljast. Her finn de [retteleiar til klimatilpassingsdelen i SPR](#). Vidare er det

positivt at de planlegg å nytte kunnskapsgrunnlaget som ligg i «[Klimaprofil Møre og Romsdal](#)» i ROS-analysen og arealplanlegginga.

På bakgrunn av ROS-analysen skal kommunen stille krav til planar og planlegging på detaljnivå, og krav til vidare analysar og utgreiingar for å sikre at samfunnstryggleik og klimatilpassing blir sikra i planlegginga. I ROS-analysen må det òg takast høgde for at planen skal kunne gjennomførast. Kommunen skal til dømes styre ny utbygging vekk frå areal der de ikkje kan oppnå tilstrekkeleg tryggleik. Det er derfor viktig ha eit medvite forhold til akseptabel risiko ved planlegging. Til dømes er tryggleikskrava i TEK17 førande for arealplanlegging, og tidleg avklaring bidreg til å hindre ressurskrevjande planlegging av tiltak som likevel ikkje let seg realisere.

Dersom tiltak skal realiserast direkte med heimel i kommuneplanen sin arealdel må kommunen sikre at krav om kartlegging, risikovurdering og oppfølging på reguleringsplannivå er sikra gjennom kommuneplanprosessen. Dette gjeld til dømes i LNFR-område der det tillatast spreidd utbygging utan krav om reguleringsplan. Ved siste plannivå er det ikkje mogleg å skyve nærare avklaring av reell fare til byggesak. Kravet til ROS-analyse i pbl. § 4-3 vil då ikkje vere oppfylt.

God utnytting av ROS-analysen ved framtidig arealplanlegging blir sikra dersom avdekt risiko og sårbarheit blir kartfesta. Kartlegging av risiko og sårbarheit gjev god oversikt, og gjer at fleire faktorar kan sjåast i samanheng.

Støy

Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging [T-1442/2021](#) må ligge til grunn for planarbeidet. [Veileder om behandling av støy i arealplanlegginga](#) utdjuper retningslinjene. I kapittel 3.1 går det fram kva som er forventet at kommunen tek omsyn til når det gjeld støy i utarbeiding av kommuneplanens arealdel

Barn og unge

Vi legg til grunn at føresegner som sikrar barn og unge sine interesser blir vidareført i ny arealdel. Vi har i så fall ikkje vesentlege innspel til planarbeidet, ut over at kommunen må sikre god medverknad og synleggjering av barn og unge sine interesser. Sjå også [Rettleiar om barn og unge i plan og byggesak - regjeringen.no](#) og [Barn og unge | Statsforvaltaren i Møre og Romsdal](#).

Bukvalitet – uteopphaldsareal

Statsforvaltaren har ved handsaming av ulike utviklingsinitiativ i Ålesund kommune sett at kommunen tidvis blir utfordra på kor mykje uteopphaldsareal som skal tilretteleggjast i samband med bueiningar, samt krav til kvalitet på uteopphaldsareal. Kommunen har i gjeldande arealdel ikkje eigne føringar for uteopphaldsareal, berre for leikeområde. Problemstillinga er særleg aktuell for konsentrert busetnad i sentrumsområde. Statsforvaltaren rår kommunen til å vurdere behovet for å fastsette minimumskrav til storleik og kvalitet på privat og felles uteopphaldsareal gjennom kommuneplanens arealdel.

Universell utforming og CRPD-konvensjonen

Prinsippet om universell utforming skal ivaretakast i arealplanlegginga, jf. føremålsparagrafen i plan og bygningslova. Det inneber at kommunen skal legge universell utforming til grunn ved utarbeiding av arealdelen til kommuneplanen. Kommunen kan gje føresegner til kommuneplanen om funksjonskrav, jf. pbl § 11-9 nr. 5, for å sikre at universell utforming blir lagt til grunn ved planlegging og utbygging av busetnad, anlegg, samferdselsanlegg, grønstruktur, m.v. Føresegnene gir

heimelsgrunnlag til å stille krav om reguleringsplan knytt til arealføremål i kommuneplanen sin arealdel. KMD har utarbeidd rettleiar om [Universell utforming i planlegging](#). Vi viser elles til meir informasjon om universell utforming på [regjeringa sine heimesider](#).

Vi viser i den samanheng til at norske styresmakter er forplikta til å følgje FN sin konvensjon for menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD-konvensjonen). Dette gjeld i politikktutforming og ved utøving av mynde, på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå. Både kommunar og fylkeskommunar utøver ei sentral rolle i gjennomføringa av Noreg sine plikter etter CRPD-konvensjonen. Det vidare planarbeidet må ta omsyn til kommunen sine pliktar etter CRPD-konvensjonen.

Konklusjon

Vi viser til merknadene ovanfor, og ønskjer Ålesund kommune lykke til med planarbeidet

Med helsing

Frida Farstad Brevik (e.f.)
plansamordnar

Yngvild Meinseth
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Landbruk: Tormod Meisingset, tlf. 71 25 84 04

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi til:

Møre og Romsdal fylkeskommune	Postboks 2500	6404	Molde
STATENS VEGVESEN	Postboks 8142 Dep	0033	OSLO
Mattilsynet	Postboks 383	2381	Brumunddal
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	Bergen
Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO



Ålesund kommune
Postboks 1521
6025 Ålesund

Dykkar	Dykkar	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Dato:
ref:	dato:	25/7246 - 25/26776	Idunn Eide Sanden -	11.04.2025

Høringssvar - Ålesund kommune - kommuneplanens arealdel 2040

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

INNLEIING

Ålesund kommune skal revidere kommunedelplanens arealdel, og varslar no oppstart av planarbeidet og høyring av forslag til planprogram. Arealdelen skal no for første gong romme dei tidlegare kommunane Ålesund, Sandøy, Skodje og Ørskog. Kommuneplanens arealdel vart også teken opp i regionalt planforum på fylkeshuset den 05.02.25, og vi viser også til innspel derifrå.

MERKNADER TIL PLANPROGRAMMET

Planfaglege merknader

Planprogrammet er ryddig og oversiktleg, og tek føre seg punkta i PBL §4.1 – Planprogram. Planen tek utgangspunkt i PAKT, noko som gjer at det er eit godt kunnskapsgrunnlag og fokusområde som blir ført vidare. Men dette gjer også at planarbeidet som blir lagt opp til er ambisiøst og omfattande, samtidig som det står at det er avgrensa ressursar til å drive planarbeid. Dette planarbeidet er lovpålagt for kommunen, og dermed er det ei plikt å ha

tilstrekkelege ressursar. Kommunen bør likevel gjere ei vurdering på om det ambisiøse planarbeidet let seg gjennomføre, eller om det er mogleg å legge ambisjonane noko lågare eller finne metodar som kan lette arbeidet.

Det står i planprogrammet at PAKT er vedtatt både i dei tre kommunane og i Fylkesutvalet. Det riktige er at PAKT er vedtatt som regional plan i Fylkestinget i sak T-31/22. Dette bør bli retta opp. Det er positivt at planprogrammet har fokus på arbeid med arealplan utover eigen kommune, knytt til transport, næring og energi.

Utgangspunktet for planarbeidet er fire separate arealdelar med eigne kart og føringar, som skal bli til ein arealdel. I tillegg er Regional plan for Solnørvassdraget frå 2006 nemnt. Ein regional plan er i følge Plan- og bygningsloven ein plan utarbeidd av regional planmynde, som er fylkeskommunen. Fylkeskommunen har ikkje utarbeidd ein regional plan for Solnørvassdraget. Det vi finn ved søk er derimot Kommunedelplan 2016 – 2018 for Solnørvassdraget vedtatt av Skodje, Vestnes og Ørskog kommunar. Dette ser ut til å vere ein interkommunal plan, sjølv om tittelen er Kommunedelplan. Men ein regional plan er det ikkje. Vi antar at det er denne planen det blir sikta til. Då bør det formelt sett stå kommunedelplan, og ikkje regional plan, for å unngå forvirring.

Kommunen utarbeider KPA og KPS samtidig, og kommunen har uttrykt at dette kan vere ein fordel. Det er viktig at arbeidet med arealstrategien blir prioritert først, slik at strategien blir nytta aktivt som eit grunnlag for arealdelen.

Regionale føringar

Regionale planar skal leggjast til grunn i den kommunale planlegginga, jf. plan- og bygningslova § 8-2. Ålesund har lagt inn ei oversikt over regionale planar i Planprogrammet, og det er bra. Dette er likevel noko mangelfullt, m.a. med tanke på å angi planane si gyldighetstid, slik at vi veit kva for versjonar av planane det blir sikta til. Vi legg derfor ved ei lenke til Planoversikt, som viser alle fylkeskommunen sine planar og fylkesstrategiar. Under følgjer og ei kort oversikt over dei viktigaste regionale planane og fylkesstrategiane frå fylkeskommunen som gjeld arealbruk. Desse bør bli vist i planprogrammet:

- Fylkesplan for Møre og Romsdal 2025-2028
- Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader 2023 - 2026
- Fylkesstrategi for miljø, klima og energi 2023 - 2026
- Regional vassforvaltingsplan for Møre og Romsdal vassregion 2022 - 2027
- Fylkesstrategi for landbruk i Møre og Romsdal 2023 - 2026
- Regional delplan for kulturminner og kulturmiljø av nasjonal og regional verdi
- Fylkesstrategi for samferdsel 2021 – 2024 (obs – denne er under revidering)

- PAKT – interkommunal og regional plan for areal, transport og klima i Ålesundregionen 2022

Nokre av dei regionale planane vil også bli tatt opp att og vidare utdjupa seinare i fråsegna.

Nasjonale føringar

Det er i planprogrammet vist til dei nasjonale føringane. Det er på slutten av 2024 og i byrjinga av 2025 komme to nye statlege planretningslinjer.

Det er viktig å få implementert dei to nye SPR-ane i planprosessen:

- Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet (2025)
- Statlege planretningslinjer for klima og energi (2024)

Når det gjeld dei nye statlege planretningslinjene for arealbruk og mobilitet, ønskjer fylkeskommunen å understreka at ein skal vere svært varsam med å leggje til rette for spreidd bustadbygging. Det er også understreke i statleg planretningslinje for klima og energi 4.3:

4.3 Retningslinjer for hvordan energi, opptak og utslipp av klimagasser skal ivaretas i arealplanlegging

For å nå nasjonale klimamål, må arealplanleggingen legge til rette for utslippsfrie, arealeffektive, energieffektive og ressurseffektive løsninger.

Følgende gjelder for hvordan klima- og energihensyn skal ivaretas i arealplanleggingen:

- a. Reduksjon av klimagassutslipp skal vektlegges i arealplanleggingen*
- b. Ved revisjon av kommuneplanens arealdel skal kommunen vurdere om tidligere vedtatt arealbruk svarer til gjeldende nasjonale klimamål. Det skal vurderes å ta ut eller redusere omfanget av utbyggingsarealer som ikke lenger bør bygges ut.*

På side 22 i planprogrammet understrekar kommunen viktigheita av eit arealrekneskap, både for grunnlag til planvask og for kartlegging av KU for samla verking av planforslaget. Det er viktig at dette blir godt følgt opp slik at ein følger dei nasjonale føringane, hugs då særleg dei to nye SPR-ane. Fylkeskommunen har tilgang på eit godt kunnskapsgrunnlag med tanke på statistikk, og har no også gjennom Panda analyse tilgang til eit heilt nytt verktøy som gir analyser av bustadbehov basert på demografi. Modulen for bustadbehovet blei lansert i mars 2025, og vil vere eit viktig kunnskapsgrunnlag for kommunen, som blant anna kan brukast i arbeidet med planvask. Ber kommunen ta kontakt med fylkeskommunen for vidare informasjon. Det er også satt opp eit webinar tysdag 20.mai, for påmelding sjå lenka under:

[Webinar: Behovsanalyse og kunnskapsgrunnlag for bustadpolitiske planar - Møre og Romsdal fylkeskommune](#)

Organisering av planarbeidet

Planprogrammet formidlar korleis planarbeidet er tenkt organisert. Ut frå dette stiller vi spørsmålsteikn ved korleis viktige samanhengar og avvegingar mellom ulike interesser, målkonfliktar m.m. skal bli drøfta. Det ser ikkje ut til å vere nokon overbygning mellom arbeidsgruppene der slikt arbeid kan skje. Dette er kanskje tenkt ivaretatt av f.eks toppleiargruppa i kommunen utan at det kjem fram i omtalen av organisering i planprogrammet. Det er uansett viktig å ivareta og drøfte tverrsektorielle problemstillingar og målkonfliktar i arbeidet.

Medverknad

Som nemnt i regionalt planforum er medverking ikkje beskriven utfyllande i planprogrammet. Kommunen opplyste då om at dei skulle leige inn konsulentar til prosessane og at ein må vere strategisk ut frå ressursane. Dette er det første arbeidet med ein felles arealdel for dei fire tidlegare kommunane Ålesund, Sandøy, Ørskog og Skodje. Medverknad i denne prosessen er difor svært viktig for at heile kommunen skal føle seg inkludert og få sjansen til å medverke i prosessen. Her har ein moglegheit til å arbeide med å samle kommunen under prosessen med arealplanen.

Det er også fleire måtar ein kan dra nytte av medverking som kan vere mindre ressurskrevjande, men gje gode innspel: Ungt entreprenørskap, ungdomsrådet, organisasjonar som Møre og Romsdal Arkitektforening, næringsforeninga i kommunen, Bypatrioten, og alle dei frivillige lag og organisasjonane som finst i kommunen. Ofte kan dei vere ein viktig medspelar for organisering eller innspel. Det er særleg viktig at barn- og unge blir høyrde i prosessen. Barnetråkk er eit kunnskapsgrunnlag og er i hovudsak ei registrering, men kan danne grunnlag for vidare medverking.

Agder fylkeskommune har utarbeidd gode tips til politiske arbeidsverkstad, sjå lenka [Gode tips til organisering av politiske arbeidsverksteder - Agder fylkeskommune](#).

Samfunns- og næringsutvikling

Energi og grøn omstilling

Viser til tekst under «Næring og energi» i Kapittel 5. Det er positivt at planprogrammet her peikar på at kraftforsyning er eit svært viktig tema sett opp mot planlegging av næringsareal.

For å nå klimamåla må vi lukkast med den grønne omstillinga. Dette inneber blant anna å fase ut fossil energibruk til næringsliv, transport og samfunnet for øvrig, til fordel for fornybar energi og i all hovudsak i form av elektrisk kraft. Ved planlegging av næringsområde er det derfor nødvendig å tenkje på energinfrastruktur. Områda bør plasserast nært stader med god kapasitet i straumnettet eller nær stader for eksisterande eller framtidig kraftproduksjon.

Utan tilstrekkeleg krafttilgang, risikerer ein at eksisterande næring forsvinn og at nye næringar ikkje blir etablert. Dette kan få store samfunnsmessige konsekvensar i form av tapte arbeidsplassar og tapt verdiskaping.

I Statlige planretningslinjer for klima og energi pkt. 4.3 ligg det forventningar om at:

- «Kommunene bør legge til rette for mer fornybar kraftproduksjon og avklare behovet for areal til vindkraft og solkraft.»
- «Når det planlegges større utbyggingsområder skal det vurderes om det kan produseres fornybar energi på området. For å begrense den totale nedbyggingen av landbruks- og naturområder må energiltaket løses på allerede nedbygde arealer eller i kombinasjon med andre utbyggingsformål.»

I Fylkesstrategi for klima, miljø og energi 2023-2026 står følgjande resultatmål: «I Møre og Romsdal skal vi energieffektivisere og produsere meir fornybar energi». Ved etablering av ny energiproduksjon må det takast omsyn til natur, klima og arealbruk. Primært bør ein sjå på areal som allereie er tatt i bruk og areal nær eksisterande infrastruktur.

Jordvern

Fylkesstrategi for landbruk for Møre og Romsdal 2023-2026 har som overordna mål å ha eit verdiskapande og berekraftig landbruk i heile Møre og Romsdal, basert på berekraftig bruk av lokale ressursar. For at Møre og Romsdal skal oppretthalde sin del av den norske matproduksjonen må vi arbeide for å ta vare på matjorda og oppretthalde produksjonen. Kommunane har ei sentral rolle når det gjeld vern av dyrkajord. I brev av 23.03.2024 frå Landbruks- og matdepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet som gjekk ut til alle kommunar og fylkeskommunar, er det tydeleg at jordvern er sett på den nasjonale dagsordenen. Nasjonale føringar legg vekt på at ved planrevisjon er det viktig å vurdere om areal som tidlegare er omdisponert frå dyrkajord, som enno ikkje er utbygd, skal tilbakeførast til LNF formål.

Nasjonal jordvernstrategi vart oppdatert i 2023. Det vart då sett mål om at årleg omdisponering av dyrka jord ikkje skal overstige 2 000 dekar, og at målet skal vere nådd innan 2030. I tråd med den nasjonale målsetninga, har Fylkesstrategi for landbruk Møre og Romsdal 2023-2026 ei målsetning om at maksimalt 100 dekar dyrkajord vert omdisponert til andre formål årleg i fylket. Kommunen bør i sin arealplan drøfte jordvernutfordringar og sette konkrete mål om jordvern som tek utgangspunkt i nasjonale og regionale føringar.

Ved å legge til rette for spreidd utbygging i LNF-område kan ein risikere fragmentering og nedbygging av matjord, noko som bør bli unngått. Spreidd bustadbygging i LNF -områder har også vist seg å auke konfliktnivået mellom bebuarar og landbruksproduksjon, til dømes når det gjeld normal støy, støv og lukt frå drifta.

Ålesund kommune er no i tillegg til å vere ein bykommune, er ein landbrukskommune. Produksjon av mat og jordvern vert viktig med tanke på matberedskap. Kommunen bør vurdere om det er behov for ein eigen jordvernstrategi for å sørge for langsiktig bevaring av matjord, og kommunen bør gjennomføre ein planvask der areal som tidlegare er omdisponert frå dyrkajord, og enno ikkje er utbygd, vert tilbakeført til LNF formål. Fylkeskommunen anbefaler at kommunen set seg eit konkret mål for jordvern i tråd med regionale og nasjonale målsetningar.

Samferdsel

Vi ser det som positivt at eitt av hovudmåla med revideringa av kommuneplanen sin arealdel er å innarbeide PAKT i arealdelen. For å få ei føreseieleg planlegging må vurderingstemaet «Infrastruktur» vere eit viktig tema i planforslaget, samt eit utgreiingstema i konsekvensutgreiinga. Følgande undertema vil vere relevante:

- Tilkomst frå fylkesveg og behov for ny/utbetring av tilkomst. Under dette temaet vil det også vere relevant og vurdere tilkomst ut ifrå Statens vegvesen sine vegnormalar, samt *Rammeplan for avkøyrslar og differensierte byggegrensar langs fylkesveg*.
- Tilgjengelegheit for kollektivtransport/alternative reiseformer.
- Trygge og universelt utforma ganglenkar langs fylkesveg.
- Behov og moglegheit for trygg kryssing av fylkesveg.
- Næraste skole og avstand.
- Trygg skoleveg, behov for skoleskyss.
- ÅDT, fartsgrense, ulykker/ulykkespunkt/ulykkesstrekning, belysning, vintervedlikehald.
- Behov for eventuelle avbøtande tiltak.

Støy kan gjerne også bli inkludert her.

Utgreiing av enkeltområde må ikkje berre vurderast kvar for seg, men også samla sett i forhold til korleis dei ulike utbyggingsområda vil ha innverknad på kvarandre og på miljø og samfunn. I konsekvensutgreiinga må det vurderast om nye utbyggingsområde vil ha trafikale konsekvensar for vegnettet, til dømes om trafikkauke vil utløyse behov for utbetring av kryss/avkøyrslar, oppgradering av vegnettet eller andre trafikktryggleikstiltak. Behov for trafikkanalysar må også vurderast.

Vi vil allereie no signalisere at utbyggingsområde som er vesentleg i strid med prinsippa for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, eller omsynet til trafikktryggleik, vil kunne gi grunnlag for motsegn.

INNSPEL TIL PLANPROGRAMMET OG VIDERE PLANARBEID

Vassforvaltning

Regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion 2022 - 2027 vart godkjent i Fylkestinget 7.12.2021 og av KMD 31.10.2022. Regional vassforvaltningsplan set miljømål i vassførekomstar i kyst, vatn og vassdrag og hovudmålet er god økologisk og kjemisk tilstand i

løpet av planperioden. Vassforvaltningsplanen skal leggest til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i samsvar med PBL §8-2 og vassforskrifta §29. Det er viktig at det blir tatt omsyn til vassmiljø i kommunens planar og at det ikkje leggest planar som kjem i konflikt med miljømål fastsett i regional vassforvaltningsplan. Planen ligger HER. Gjer kommunen løyve til tiltak som kjem i konflikt med miljømål, må kommunen behandle tiltaket etter vassforskrifta § 12.

Vassforvaltning har ein tydeleg plass i «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027». 19. mars 2019 kom i tillegg nasjonale føringar for vassforvaltninga. Her er det lagt tydelege føringar for kommunens arbeid innafor avløp, drikkevatn og landbruk m.m. I tillegg skal vassforvaltning bli ivareteke i kommunal arealplanlegging der det går fram av føringane at «Kommunene har en særlig viktig rolle i vannforvaltningsarbeidet. Det lokale arbeidet i vannområdene er et viktig grunnlag for det påfølgende regionale arbeidet, og muliggjør lokal forankring og medvirkning, samt innhenting av lokal og erfaringsbasert kunnskap. Kommunene besitter ofte førstehåndskunnskap om vannforekomstenes tilstand og påvirkninger. De er myndighet med ansvar for å treffe vedtak om gjennomføring av tiltak innen drikkevann og avløp, overvannshåndtering, landbruksforvaltning, arealforvaltning og forurensning. Videre er kommunens arealplanlegging svært viktig for å nå målet om god tilstand i norsk vann. Gjennom arealplanleggingen kan kommunen sette restriksjoner på arealbruken for å ivareta naturmiljøet i og langs vassdrag, innsjøer, fjorder og sjøområder, herunder vannmiljø. Det er svært viktig at disse virkemidlene tas aktivt i bruk i kommunenes arealplanlegging for å nå målet om god tilstand i norsk vann. Kommunene vil på denne bakgrunn være sterkt involvert i arbeidet i vannregionutvalget og særlig arbeidet i vannområdene.»

Eit av fokusområda i kapitel 5 er *Natur- og grøntareal*. Eit av utgreiingsbehova er å kartlegge økosystem. Tilstand til økosystem til vatn, vassdrag og kyst er tilgjengeleg i Vann-nett, og bør nyttast som kunnskapsgrunnlag. Det gjennomførast årleg kartlegging av økologisk tilstand i vassførekomstar i regionen, og er det spesielle vassførekomstar kommunen ønsker å ha oversikt over, er det mogleg å ta kontakt med fylkeskommunen om dette.

Faktaark for kvar kommune er og tilgjengeleg Vann-nett saman med andre oversikter for miljømål og – tilstand. Her er det også mogleg å ta ut tal på miljøtiltak kommunen og andre aktørar gjer i kommunen og kva som påverkar vassmiljøet. Dette kan også gå inn som en del av kunnskapsgrunnlaget. Arealbruk, Landbruk og avløp er ein av dei største påverknaden i regionen og her er kommunen myndigheit. Ein vesentleg del av kommunale tiltak for å følge opp vassforvaltinga vil derfor ligge under plan, vatn, avløp og landbruk.

Ingen vassdrag med sjøaure oppnår god tilstand på sunnmøre i følge temarapporten *Klassifisering av tilstanden til sjøørret i 1279 vassdrag* av *Vitenskaplig råd for lakseforvaltning*. I VRLs rapport om trusselvurdering kjem arealbruk som landbruk, veg og andre inngrep høgt opp som trussel mot sjøaure i tillegg til lakselus. Eit særleg fokus på anadrome

vassdrag i kommunen er derfor viktig. Å ivareta spesielt nære og viktige vassdrag som Spjelkavikvassdraget og Solnørelva bør ha særskilt merksemd. Sjøaureprosjektet *Mange bekkar små* som fylkeskommunen har saman med Statsforvaltaren viser at mange mindre vassdrag som ikkje er registrert har sjøaure, dette gjeld også i Ålesund. Å ivareta eller forbetre små vassdrag som sjøaure nyttar er svært viktig skal vi oppfylle mål om god tilstand i økosystema. Kartlagde er tilgjengeleg i Gis-link eller her:

<https://mrfylke.maps.arcgis.com/apps/webappviewer/index.html?id=d4d7555ce6a444b99d8c914bea0b2991>

Dokumentet viser til blå-grøn struktur og naturbaserte løysningar. Dette er positivt. Eit fokus på gi vassdrag plass, ivareta kantsone og prioritere naturbaserte løysingar der det er mogleg vil kunne forbetre den økologiske tilstanden i vassførekomstane samstundes som flaumvern, klimatilpassing og overvasshandtering blir ivareteke. Å sjå til planretningslinjene for regional vassforvaltningsplan vil kunne vere til hjelp.

Møre og Romsdal er det fylket som i minst grad oppfyller reinsekrav på avløp. Miljødirektoratet skriv i si tilråding til godkjenning av regional vassforvaltningsplan for Møre og Romsdal at *Slik tiltaksprogrammet for avløp nå er, kan det sjå ut som om fleire av kommunane ikkje har teke innover seg ansvaret sitt for å følgje opp nasjonale føringa og sitt ansvar for avløpssektoren generelt. Nasjonale føringar for vassforvaltning stadfestar mellom anna at Alle avløpsanlegga i den enkelte kommune skal oppfylle forureingsforskrifta sine rensekrav slik at vi kan nå miljømåla innan 2027, og seinast innan 2033.* Er det mangel på oversikt over anlegg, anlegg som ikkje følger reinsekrav, eller lite oversikt over spreidd avløp bør dette bli omtalt og dette må vidare følgast opp i planane for vatn og avløp som er lista opp-

Møre og Romsdal fylkeskommune skal følgje opp kommunane for å få på plass fleire kommunale tiltak for å forbetre vassmiljøet. Her vil slike tiltak førast inn i vann-nett og vil enkelt kunne bli tatt ut som statistikk for å bruke vidare.

Dokumenta viser til FNs berekraftsmål. Vassforskrifta bidreg til gjennomføring av FNs berekraftsmål 6, 14 og 15. Har kommunen ambisjonar om å følgje opp berekraftsmåla konkret, må det leggjast vekt på arbeidet med vassforskrifta i det kommunale arbeidet, inkludert plan. Les meir om FNs berekraftsmål og vatn [her](#).

Friluftsliv

Det er viktig å sikre tilstrekkelege og samanhengande areal for friluftsliv, både i bynære område og i meir avsidesliggande naturområde. Kommunen har kartlagt og verdsett store delar av friluftslivsområda sine, sjølv om oversikta over samanhengane er noko mangelfull i dei folketette områda. Datasettet kan vidareutviklast og bli eit fint utgangspunkt for målretta planlegging av ferdselsårer for friluftslivet. Miljødirektoratet er i ferd med å rulle ut eit nytt prosjekt knytt til oppdateringar av dei kommunale friluftslivskartleggingane. Kommunen er også

med i det regionale prosjektet knytt til plan for friluftslivets ferdselsårer. Denne planen bør koplatt til arealplanlegginga.

Gjennom god planlegging for eit aktivt friluftsliv vil kommunen kunne nå fleire av måla i PAKT-strategien. Planen bør leggje til rette for god tilgjengelegheit til friluftsområde for alle innbyggjarar, uavhengig av alder og fysisk form. Det bør rettast særskilt merksemd mot tilrettelegging av stiar, løyper og andre fasilitetar som gjer det enklare for folk å bruke friluftsområda i kvardagen utan bruk av bil, og der grønstrukturane kan nyttast til aktiv transport.

Involvering av lokalsamfunnet og relevante interessegrupper i planprosessen er viktig for å sikre at planen møter behova til dei som skal bruker friluftsområda og ferdselsårane. I tillegg blir det viktig å informere om friluftsmoglegheiter og involvere innbyggjarane i bruk og vedlikehald av områda. Friluftsliv har eit stort potensiale for betre folkehelse og utjamning av sosiale forskjellar i helse, og bør derfor integrerast som ein del av folkehelsearbeidet. Med tilstrekkeleg og riktig areal vil friluftslivet betre helsa og livskvaliteten i kommunen.

Samferdsel

Arealbruk

Ved tilrettelegging av areal til utbygging/fortetting, må forholda til offentlege vegar og annan infrastruktur bli grundig vurdert. Tilrettelegging av utbyggingsføremål vil legge premissar for nødvendig infrastruktur, mellom anna trygge og universelt utforma ganglenker for mjuke trafikantar, kollektivtransport og andre trafikkløysingar som tilkomst med meir. Planlagt bustadbygging/fortetting bør skje i område der det anten finst eit kollektivtilbod, eller at det vert lagt til rette for kollektivtrafikk ved utbygging.

Skolestrukturen i ein kommune vil vere eit premiss for annan arealutvikling, og skolestruktur bør derfor bli omtalt og vurdert i planomtalen.

Det er ingen automatikk i at område med direktetilkomst frå fylkesvegane, og som blir frigitt til utbygging gjennom kommuneplanen, får etablere nye kryss eller avkøyrslar til fylkesvegane. Der det er mogleg, bør ein søke å samordne avkøyrslar slik at ein kan nytte eksisterande avkøyrslar. Ein må likevel rekne med å måtte utbetre desse i samsvar med gjeldande vegnormal som følge av auka/endra bruk. Tilkomst til offentlig vegnett må vurderast i reguleringsplan eller ved behandling etter veglova.

Der utbygging/fortetting utløyser behov for ny eller utbetring av eksisterande infrastruktur, ber vi kommunen stille rekkefølgjekrav i føresegnene for å sikre trafikktrygge løysingar før utbygging. Dette vil også vere relevant for trygge trafikkløysingar for mjuke trafikantar, inkludert skolebarn. Døme på slike tiltak kan vere utforming av kryss/avkøyrslar, busshaldeplassar, trygge

gangenker og kryssingspunkt over fylkesvegane. Relevante rekkefølgekrav knytt til infrastruktur i dei gjeldande kommunedelplanane må vidareførast.

Spreidd busetnad og trafikktryggleik

Spreidde utbyggingsområde i LNFR-område er utfordrande, då dei legg opp til ein bilbasert transport og kan gi uheldige verknader med omsyn til trafikktryggleik og kollektivtilbod. Med bakgrunn i samordna bustad-, areal- og transportplanlegging rår vi på generelt grunnlag til å vere svært varsam med å legge opp til ei slik arealutvikling. Nye LNF-spreidd-område er å sjå som områder for utbygging i forhold til KU-kravet. Det må bli vurdert kor mange einingar som kan bli frådelt i planperioden innanfor LNF-formåla.

Ved utbygging av nye og fortetting av eksisterande spreidde bustad- og utbyggingsområde vil viktige utgreiingstema for kvart område vere tilgang på kollektivhaldeplassar, trygge ganglenkar og kryssing av fylkesveg for mjuke trafikantar, skoleskyss, avstand til viktige funksjonar og elles trygge trafikkkløysingar for alle trafikantgrupper. Behov for nye eller utbetring av nødvendig infrastruktur som til dømes gang- og sykkelveg, busshaldeplassar, trygge kryssingspunkt, avkøyrslar/kryss må vurderast. Det må bli knytt rekkefølgekrav til utnytting av slike areal som sikrar at trafikktryggleiken er ivaretatt.

Tosidig utbygging langs fylkesvegnettet

Med omsyn til trafikktryggleik ønsker vi i utgangspunktet ikkje ny eller ytterlegare tosidig utbygging av fylkesvegnettet, og spesielt ikkje der arealbruken blir knytt til kvarandre og vidare genererer aktivitet/transport på tvers av fylkesvegen. Dersom ein likevel skal legge opp til tosidig utbygging/fortetting ved fylkesvegane må ein for kvart og eitt av desse utbyggings- og fortettingsområda sikre at trafikktryggleiken for alle trafikantgrupper er tatt vare på i tråd med Statens vegvesen sine handbøker. Nødvendige rekkefølgekrav som tar vare på trafikktryggleik og framkome for alle trafikantar må bli stilt før utbygging/fortetting kan skje.

Støy

Det er fleire vegar i Ålesund kommune som har høg trafikkmengd, og er støyutsett. Det er eit nasjonalt mål at færre skal vere plaga av støy i framtida. Arealplanlegginga blir da eit viktig verkemiddel for å nå dette målet. For fylkesvegnettet er det relativt nyleg utarbeidd nye støyvarselkart som ligg tilgjengeleg på Statens vegvesen sine nettsider. Støykartane er eit varsel om kor støy kan innebere ei støykonflikt, men det må alltid gjennomførast meir nøyaktige støyberekningar dersom det er aktuelt med utbygging av støyømfintleg bygg innanfor støysonene (bustad, helseinstitusjonar, utdanningsinstitusjonar, barnehagar m.m.).

Det vil vere viktig å ta stilling til om det i det heile tatt skal bli lagt til rette for bygging i raud støysone (i utgangspunktet rår vi ikkje til bygging av støyfølsam busetnad i raud støysone). Vidare bør det vere klare retningslinjer for bygging i gul støysone. Støyvarselkarta bør leggest til

grunn for planlegginga, og vi oppfordrar til at det leggst inn føresegn om at retningslinje T-1442 for behandling av støy i arealplanlegging skal gjelde for planlegging og byggesaksbehandling.

Bypakke Ålesund

Vi saknar ei nærare omtale av Bypakke Ålesund under kapittelet Transport og mobilitet. I prosjektet ligg det mål om nullvekst for privatbilisme. Bypakken gir, og har allereie gitt, store endringar i transportsystemet i Ålesund for biltrafikken, gåande og syklande og kollektivinfrastrukturen. Arealplanarbeidet i Ålesund må ta med, og ta omsyn til desse endringane, samtidig som potensialet for ytterlegare positive endringar som følgje av arbeidet med ny arealplan må utnyttast. Denne koplinga må utgreiast i arealplanarbeidet.

Parkering

Når det gjeld parkering i høyringsdokumenta, er det stort fokus på innfartsparkering. Det kjem ikkje nærare fram kva det inneber å sikre løysingar som reduserer transportbehovet, som nemnt i planprogrammet. Her vil vi peike på at parkeringspolitikk som verkemiddel må utgreiast med tanke på nullvekstmålet i bypakken, med mindre det ligg nok kunnskap om dette i bypakkearbeidet.

Avgrensing i parkeringsdekning er eit eigna verkemiddel for å stimulere til bruk av gåing, sykling og bruk av kollektivtransport framfor bilbruk. Bilen må sjølvsagt få sin plass, men ei omprioritering frå bil til grønare transportformer er ein svært viktig del av eit samla program for god by- og tettstadsutvikling. Potensialet for meir gåing og sykling er stort for eigedomar som ligg sentralt til i forhold til viktige funksjonar som butikkar, arbeidsplassar, skoler, kollektivaksar med meir. Ved mellom anna å lokalisere parkeringsplassar riktig, redusere talet på parkeringsplassar, nytte parkeringsavgifter og nivået på dei, kan ein påverke transportsystemet i svært stor grad. Dette verkemiddelet vil kunne – brukt riktig – medverke i sterk grad til å nå mål i den nasjonale, regionale og kommunale samferdsels- og byutviklingspolitikken.

Temaplaner

I forbindelse med revidering av kommuneplanen sin arealdel oppfordrar vi til at ein går gjennom nokre av temaplanane som høyrer til gjeldande kommunedelplanar, og mellom anna ser nærare på om det er behov for å gjere endringar i desse for å gjere dei klarare/meir definerte. I ein del bypakkeprosjekt knytt til betring av framkome for gåande og syklande har vi til dømes erfart at det har vore utfordrande å planlegge og bygge sykkelveggar i eitt samanhengande nett, når linjene ikkje er «låst» og ein ikkje har definert målpunkt, linjer eller meir.

Grøn transport

Under «Næring og energi» i kapittel 5 er det peika på eit aukande behov for å sjå ladeinfrastruktur og kapasitet i straumnettet i samheng med transportinfrastruktur.

Grøn omstilling av transport krev infrastruktur i form av ladestasjonar, men også fyllestasjonar for grønne energiberarar som biogass og hydrogen.

Det visast til at det i Statlige planretningslinjer for klima og energi pkt. 4.3 ligg forventningar om at: «Kommunene skal sette av tilstrekkelig areal på egnede stader til hurtigladestasjonar og fyllestasjonar for hydrogen og biodrivstoff for kjøretøy og fartøy, og søke å koordinere dette slik at det er en god lokal og regional spredning på ladestasjonene. Kommunene skal vurdere mulighetene for å sette av tilstrekkelig areal til alternative drivstoff og landstrøm til større fartøy.»

I Fylkesstrategi for klima, miljø og energi 2023-2026 står følgjande resultatmål:

- «I Møre og Romsdal skal vi legge til rette for framtidens transportløyningar.»
- «I Møre og Romsdal skal vi ha ein velfungerande infrastruktur for distribusjon av elektrisitet og andre energiberarar.»

Dette betyr blant anna å legge til rette for ein infrastruktur med energistasjonar og ladepunkt for fornybar energi som gjer at transportsektoren (luft, bane, veg, sjø) kan bruke utsleppsfri energi framfor fossile drivstoff.

Tettstadutvikling

I PAKT ligg det senterstruktur for Ålesundsregionen. Denne senterstrukturen er også lagt til grunn i Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader. Denne senterstrukturen er god, samlar funksjonar, og legg ulik funksjon til Ålesund historiske sentrum og suppleringsentra Campus og Moa i bandbyen, samt nærmiljøfunksjonar til mindre tettstader i Ålesundregionen. Dei gamle kommunesentra frå før kommunesamanslåinga er viktige senter som skal utviklast med senterfunksjonar i senterstrukturen i Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader. Det er viktig at senterstrukturen i PAKT blir vidareført, og at nødvendige justeringar som er nemnt i planprogrammet, ikkje fører til at samling av funksjonar «sklir ut», eller at justeringar legg lokalisering av funksjonar til område som svekker den senterstrukturen som er lagt. Dette vil i så fall kunne gjere at Møre og Romsdal fylkeskommune må vurdere motsegn på grunnlag av nasjonale retningslinjer, regionale retningslinjer og PAKT, som er både kommunal og regional.

Planprogrammet viser eller til at det skal bli arbeidd med og utgreidd gode grep for by- og stadutvikling med fortetting, utjamning av sosiale ulikheiter, felles møteplassar, gode, trygge og samanhengande gangareal, støyskjerming, blågrøne strukturar, kulturminne og kulturmiljø. På samferdselsområdet med tanke på by og tettstadutvikling skal det bli jobba med kollektiv og parkering. Alt dette er bra, og heng saman.

Gjennom Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, er det sett tydelege forventningar til at fylkeskommunar og kommunar skal ta tak i bustadutvikling og sosial berekraft. I samband med dette arbeidet, kan vi informere om at fylkeskommunen arbeider

med ein bustadbehovsanalyse på kommunenivå for alle kommunane i Møre og Romsdal. Denne vil bli ferdig slik at den kan utgjere eit viktig kunnskapsgrunnlag for Ålesund i arealplanarbeidet.

I dei nasjonale forventningane står det også at: «Kommunane bruker arkitektur som eit verktøy i samfunnsutviklinga og definerer lokale ambisjonar for arkitektur og byggjeskikk... I Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader står det også i retningsline og under Inkluderings- og kompetansefylket at: g) Kommunane bør ha ein overordna arkitekturstrategi i byar og tettstader. Vi kan ikkje sjå at dette med arkitektur, stadidentitet og særpreg har fått fokus i planprogrammet, sjølv om det bustadsosiale ansvaret har fått plass. Dette burde vere spesielt aktuelt i Ålesund med den historiske særprega arkitekturen i jugendstil.

Vi oppfordrar også representantar frå kommunen til å melde seg på by- og tettstadseminaret vårt, som kan gje gode innspel til vidare planprosess: [Inviterer til by- og tettstadseminar: Vi må sjå bustadar som verktøy for samfunnsutviklinga - Møre og Romsdal fylkeskommune.](#)

Automatisk freda kulturminne

Det vart i førre runde gjort mykje viktig arbeid knytt til det kommunale arealplanarbeidet i gamle Ålesund, men det har kome til nye registreringar av automatisk freda kulturminne sidan denne gong, og det er viktig at disse vert tekne med, og at riktig vernesone vert lagt inn. Det automatisk freda kulturminne med ein 5 meter omkrings/sikringssone skal leggst inn i kartet med omsynssone H730. Dette er den delen av kulturminne som er automatisk freda gjennom kulturminnelova. Utover dette skal det også leggst til ei omsynssone H570, som skal sikre omgivnadane. Områder ein må vere spesielt nøye med dette er innanfor dei kulturminna som ligg på fylkeskommunens regionale delplan for kulturminne. Dette er eit utval av kulturminne som er ekstra viktige å sikre med omsynssone, og unngå arealkonflikt. Borgund kjøpstaden og Postvegen er døme på slike kulturmiljø. Dersom det ligg føre konflikt i planen eller at det ikkje er samsvar mellom planens formål og verneinteressene, vil fylkeskommunen stille motsegn. Det er også viktig at ein også tek omsyn til nye areal, der det i dag ikkje er registrert automatisk freda kulturminne, men som likevel kan ha potensiale for slike. Alle nye areal vil måtte vurderast om det er behov for avklaring knytt til §9 i kulturminnelova. Det kan også vere at eldre reguleringsplanar ikkje tidlegare er undersøkt, og derfor bør vurderast i forholdet knytt til arkeologiske kulturminne.

Når det gjeld gamle Ålesund, kan det vere lurt å gjere ei vidareføring og oppdatering av temaplan knytt til kulturminne og kulturmiljø §17 under førre kommuneplanarbeid. Nye vedtekne reguleringsplanar skal vidareførast inn i kommuneplanen, med dei reguleringane kulturminne har fått. Dei kulturminna som er dispensert frå kulturminnelova, og enten er utgravne eller frigitt utan vilkår om utgraving, treng ikkje leggst inn, utover reguleringsplanen rpbo avmerking.

Kulturminnedatabasen Askeladden er den sikraste kjelda til oppdatert kartmateriale, men dette er ikkje ein statisk database, og endringar vil bli jobba med både knytt til endring av lokalitetar, registrering av nye kulturminne og liknande. Det kan derfor førekome feil eller forskyvingar. Det er viktig at ein gjennom arealplanarbeidet tek kontakt med sakshandsamar på arkeologi i Møre og Romsdal fylkeskommune, dersom ein finn feil, har spørsmål eller treng bistand til å få lagt inn riktig i plankartet. Fylkeskommunen har også oppdaga endringar i lokalitetar og arealformål som vi ønsker å diskutere med kommunen, då dette er spesielt viktig i arbeidet i dette arbeidet.

Mykje av arbeidet som vart gjort knytt til føresegnar i førre kommuneplan kan vidareførast, men det er her viktig at dei kulturminna som ligg i dei gamle kommunane, Ørskog, Skodje og Sandøy vert lagt inn i den nye arealplanen, og tilpassa riktige tekster knytt til føresegnar. Også i disse gamle kommunane har kulturminneforvaltinga tidlegare gjort vurderingar knytt til nasjonale eller regionale vektingar for regional delplan og vernesonar. Disse skal vidareførast, eventuelt skal det leggjast nye vernesonar ikring dei automatisk freda kulturminna. Dersom det er spørsmål til korleis disse omsynsonane bør utformast kan ein ta kontakt med fylkeskommunen for rettleiing.

Kommunen skriv at der er utredningsbehov, mellom anna innanfor kulturminne og kulturmiljø; «Sikre kulturarv og kulturmiljø med hensynssoner – også i samanheng med samfunnsområde som folkehelse, friluftsliv og klimatiltak». Dette er bra. Det å sjå og utnytte mogelegheita i desse samanhengane er verdifullt også i eit større samfunnsperspektiv.

Kulturminne frå nyare tid

Registrerte kulturminne treng formelt vern i plan

Ålesund kommune har eit mangfald av kulturmiljø (samleomgrep for kulturminne, kulturmiljø og landskap) som er kjelder til kunnskap, oppleving og bruk. Nokre fortel om den nasjonale historia om Noreg, slik som Jugendbyen i Ålesund sentrum og Den Trondhjemske postveg. Andre står i ein regional eller lokal samanheng.

I denne revisjonen av kommuneplanen skal også kommunane Skodje, Ørskog og Sandøy innlemmast i arealplanen for den utvida storkommunen Ålesund.

Ein kulturmiljøplan er ei oversikt over kva for kulturmiljø som er viktigast for identitetsbygginga og sjølvforståinga til innbyggjarane. Skodje har utarbeidd og vedtatt lokal kulturmiljøplan. Skodje har utarbeidd og vedtatt lokal kulturmiljøplan. Ørskog og Sandøy har starta opp arbeidet med planane, men planane har ikkje blitt vedtatt i politiske fora. Desse planane bør likevel nyttast som kunnskapsgrunnlag for sikring av kulturminna i omsynssoner. Gamle Ålesund kommune har ikkje starta opp arbeidet med kulturmiljøplan. Dette er eit større systematisk arbeid som krev ressursar over tid og høyringsrundar. Dette arbeidet er likevel ein integrert del av arealplanarbeidet og bør vere mogleg å gjere i parallell prosess med dette. Som inspirasjon til

oppstart har kulturavdelinga utarbeida eit dokument/liste over viktige kulturminne og kulturmiljø i gamle Ålesund som vi vurderer skal vere med i kulturmiljøplanen, og bør ha omsynssoner i KPA. Dette kan kommunen få oversendt på førespurnad.

Når det no vert gjort ein **revisjon** av KPA vil det vere eit naturleg steg for Ålesund kommune å samle dei eksisterande kunnskapsgrunnlaga som ligg føre frå kommunane som skal innlemmast i storkommunen og arbeide fram ein felles kulturmiljøplan for heile Ålesund storkommune.

Kulturmiljøplanen er eit viktig kunnskapsgrunnlag som gir oversikt over verdiane. Ein kulturmiljøplan gir likevel ikkje heimel til å styre vidare vern og utvikling av kulturmiljøa i byggesak. Dette må formaliserast i juridisk bindande planar. Derfor er det naudsynt å kople oversikta over kulturmiljø som kommunen har, opp mot arbeidet med kommuneplanens arealdel. I arealdelen kan kommunen legge inn føresegner som seier noko om kva omsyn som skal takast i samband med vidare utvikling, og legge inn føresegn om kva for kulturminne som ikkje kan rivast. Det må gå klart fram av planomtalen og i kart kva for kulturmiljø dette gjeld.

Kulturminne, kulturmiljø og landskap kan sikrast i en kommuneplan på tre måtar:

- Omsynssone med føresegner eller retningslinjer, § 11- 8
- Føresegner til arealformål, §§ 11-10 og 11- 11
- Generelle føresegner, § 11-9

Riksantikvaren har laga rettleiarar og eksempelsamlingar på føresegner, sjå

<https://www.riksantikvaren.no/veiledere/arealplanlegging/>

Databasen Askeladden og Regional delplan for kulturminne og kulturmiljø av nasjonal og regional verdi viser kva for kulturmiljø i kommunen som er av nasjonal og regional verdi og interesse.

Vi ber om at freda kulturminne og listeførte kyrkjer i Ålesund kommune får omsynssone H730 og at eit areal rundt får omsynssone H570. Vi gjer merksam på at Slinningsbua er under freding etter kulturminnelova og er ikkje avmerkt i Askeladden. Den må derfor få omsynssone H730. Vidare ber vi om at kulturminna og -miljøa i Regional delplan for kulturminne og kulturmiljø får omsynssone H570 med føresegner. Mange av kulturminna har omsynssone og føresegner i eksisterande planar som kan vidareførast. Vi **varslar motsegn** om ikkje desse kulturminna blir ivareteke som nemnt her. Ta gjerne kontakt om de har spørsmål til dette.

Under revisjonen av NB-registeret vart det i høyringsforslaget foreslått fleire område i Ålesund tette bystruktur. Klipra er eit foreslått område som ikkje har juridisk vern. Kommunen bør vurdere å legge omsynssone H570 over det området som er avgrensa i høyringsforslaget.

Vi vil undervegs i arbeidet gjerne samarbeide med Ålesund kommune om endeleg avgrensing av omsynssonene og utforming av verneføresegner. Vi deltar i møter dersom kommunen inviterer til det.

Kulturmiljø og byutvikling

Ålesund kommune har lagt fram eit offensivt og interessant planprogram og det skal bli spanande å følgje arealplanarbeidet fram til det er ferdig.

Både ut frå ei tradisjonell forståing av det konserverande kulturminnevernet, og ut frå ei nyare forståing av det vi i dag kallar kulturmiljøforvaltinga, så har fylkeskommunen som førstelinje i kulturmiljøvernet, sterke interesser i kommuneplanarbeidet i Ålesund.

Den regionale Kulturmiljøforvaltinga har ansvar for vern og ombruk av nyare tids kulturmiljø. Ein kommuneplan skal legge strategiar for å utvikle mangfaldet av berekraftige lokalsamfunn i kommunen. Heilt praktisk inneber dette at arealdelen i kommuneplanen skal kartfeste ei ønska by- og tettstadsutvikling.

Også her har den regionale kulturmiljøforvaltinga sterke interesser. Tradisjonelt har vår oppgåve vore å sikre det konserverande vernet. Det skal vi framleis, men kulturmiljøvernet vedkjem også fleire brennaktuelle tema i samfunnsutviklinga:

- Utvikling av berekraftige byar og lokalsamfunn
- Reduksjon av klimagassar (klimaavtrykk)

For begge desse felt har Riksantikvaren utarbeida eigne strategidokument med faglege råd, til hjelp i kommuneplanlegginga. Desse strategiane har ulike tematiske utgangspunkt, men heng likevel nøye saman når det gjeld berekraftsaspekta. Frå bystrategien siterer vi:

- *Kulturmiljø er ein ressurs i samfunnsutviklinga. Gjenbruk og mangfald i bygningsmiljø gjer noko med identitetskjensla vår og skaper trivelege og sosialt berekraftige møtestadar og bomiljø. Ombruk og gjenbruk av eksisterende bygningar – gamle og ikkje fullt så gamle – er også eit viktig ledd i arbeidet med å få raskare ned klimagassutsleppa.*

PAKT ligg til grunn for kommuneplanarbeidet og kartet over Ålesundregionen viser at Ålesund bysentrum frå komande kommuneplanperiode er tiltenkt ei tyngre rolle som regionsenter enn Moa. Vi vil minne om at denne gode intensjonen vil krevje at Ålesund kommune, for å nå desse måla, vil trenge å skaffe seg nye kunnskapsgrunnlag kring både verna og ikkje verna eksisterande kulturmiljø som er aktuelle for ombruk i eller nær Ålesunds tette sentrumsstruktur. Her bør kunnskapsgrunnlaget aukast både på kulturminnefeltet og andre fagfelt.

Barn og unge i plan, og MUA

Barn og unge sine interesser er svært viktig å sikre i planprosessen. Viser til Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga og «Rettleiar om barn og unge i plan og byggesak».

Føresegn i KPA for å sikre trygge og nære leikeplassar bør gje eit godt grunnlag for heile kommunen både i dei tette bysentra, og i dei meir spreidd utbygde områda. Å få til gode uteareal (MUA) og leikeareal i byar og tettstader kan vere vanskeleg, særleg i fortettingsprosjekt og bruksendringar. Om ein opnar for bruk av offentlege parkar, leikeplassar og skolegardar som leikeplass eller uteopphaldsareal (MUA) er det viktige at det er tydelege føresegner. Det bør ikkje gje rom for ulik tolking, noko som igjen kan føre til mykje bruk av dispensasjonar. Bruk av offentlig parkar og leikeplassar er mest aktuelt i eksisterande bysenter og tettstadar, ein må vurdere kor vidt ein då må bidra til dei offentlege områda.

Leikeplass og uteopphaldsareal må ha tydelege kvalitetsføresegne, slik at ein sikrar eit godt bumiljø og gode møteplassar. Som nemnt i regionalt planforum sjå Kristiansands landskapsnorm som eit eksempel på føresegn for leikeareal som også sett fokus på møteplassar.

[landskapsnorm-2023.pdf](#).

Strandsone

Sikring av dei allmenne interessene gjennom PBL § 1.8 er viktig for å sikre allmenn ferdsel i strandsona. Det kan likevel føre til mange dispensasjonar i ein kommune som Ålesund med ei lang kystlinje. Om ein i KPA prioriterer arbeidet med å legge inn forbodsgrense sjø må dei allmenne interessene prioriterast slik at ein ikkje legg til rette for ny utbygging i strandsona.

Kristiansund Kommune har utarbeid nye forbodsgrenser langs sjø då dei utarbeida sin KPA som var vedteken i 2023, oppfordrar til å ta kontakt med kommunen for erfaringsutveksling. [Vedlegg 11 - Forbudsgrense sjø A3 2.pdf](#). Ved ei eventuell ny forbodsgrense langs sjø i KPA vil vi kunne varsle motsegn om ikkje dei allmenne interessene blir ivareteken.

Universell utforming

I kapittel 5 i planprogrammet er eit av tema for vidare utgreiingsbehov/oppgåver universell utforming og tilgjenge under tema «Senterstruktur og bustadutvikling» på side 17. Det er også mellom anna nemnt i planprogrammet at det er viktig med grep for å sikre bueiningar med livsløpsstandard tilpassa eldre for å møte den demografiske utviklinga i bustadmarknaden. Det er positivt at kommunen set fokus på den demografiske utviklinga i plan, noko som kan sikre utviklinga av aldersvenlege og universelt utforma område og bustader. Slik kan blant anna eldre bu heime lengre. Det er viktig at kommunen bruker råd for personar med nedsett funksjonsevne og eldrerådet i planprosessen.

Universell utforming skapar gode omgjevnadar for alle, det gir menneskevenlege samfunn. Regjeringa har ein god rettleiar for universell utforming [Veileder i universell utforming - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no). Her er det gode eksempel på føresegner for å sikre universell utforming i KPA. Med gode føresegn i KPA kan ein sikre UU og tilgjengelegheit i reguleringsplanar og byggesak. Dette er særleg viktig med den demografiske som kommunen peikar på i planprogrammet. Universell utforming og tilgjengelegheit kan bidra til at fleire klarar å bu heime lengre.

KONKLUSJON

Fylkeskommunen skal rettleie kommunen i planleggingsoppgåver etter PBL § 3-2, og ber kommunen ta kontakt med oss ved behov i vidare planprosess. Sjå lenka [Saksbehandlarane våre - Møre og Romsdal fylkeskommune](#) for oversikt over våre fagsaksbehandlarar. Vi kan også utarbeide statistikk og analysar med GIS, som kan vere nyttig som kunnskapsgrunnlag. Det er positivt at Ålesund kommune allereie har vore i regionalt planforum med den nye arealplanen, og oppmodar også til å bruke forumet i vidare prosess.

Ålesund kommune har eit godt grunnlag i planprogrammet for vidare planprosess. Vi ber om at dei merknadene og innspelane blir tatt med vidare inn i arbeidet med KPA for nye Ålesund, og ser fram til å følge planprosessen vidare.

Med helsing
Ingunn Bekken Sjøholm
seksjonsleiar

Idunn Eide Sanden
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Fagsaksbehandlar:
Samferdsel, rådgjevar: Lisa Enstad
Vassforvaltning, rådgjevar: Håkon Slutaas
Kulturminne frå nyare tid, rådgjevar: Svein Ole Storøy
Landbruk, rådgjevar: Kirsti Hjelme Connor
Energi og grøn omstilling, rådgjevar: Silje Håberg
Regional planlegging, rådgjevar: Gry Halvorsen
Friluftsliv, rådgjevar: Petter Jensen
Automatisk freda kulturminne, rådgjevar: Arve Nytun

Kopi til:
Fiskeridirektoratet
Kystverket
Mattilsynet
Norges Vassdrag- og
energidirektorat

Kopi til:

Statens vegvesen

Statsforvaltaren i Møre og

Romsdal

ÅLESUND KOMMUNE
Postboks 1521

6025 ÅLESUND

Vår dato: 09.04.2025

Vår ref.: 202504763-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: 24/19827, 25/14891

Sakshandsamar: Ole-Jakob Sande,
22959545, ojs@nve.no

NVE sitt innspel til varsel om oppstart og offentlig ettersyn av planprogram for revisjon av kommuneplanen sin arealdel for Ålesund kommune

Vi viser til brev datert 17.02.2025. Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med revisjon av kommuneplanen sin arealdel for Ålesund kommune. Det er utarbeidd framlegg til planprogram for kommuneplanen sin arealdel som er lagt ut til høyring.

Formålet med revisjon av kommuneplanen sin arealdel er å utarbeide ein felles arealplan med samla plankart, føresegner og planomtale for heile Ålesund kommune. Planarbeidet skal konkretisere og implementere strategiar frå Regional plan for areal, klima og transport (PAKT) og oppdatere arealplanen ut frå ny kunnskap, erfaringar og endringar i lovverk og overordna føringar.

Om NVE sine oppgåver og sektorinteresser

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndede med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE rettleiar 2/2017 «[Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging](#)» gjer greie for kva som skal til for at NVE sine sektorinteresser skal vere tilstrekkeleg teke i vare i arealplanar etter pbl.

NVE sine innspel til arbeidet med kommuneplanen sin arealdel

Planarbeidet er forankra i kommunal planstrategi 2024-2027 for Ålesund kommune. NVE har ikkje motteke varsel eller høyring av framlegg til kommunal planstrategi eller



planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel, og har følgeleg ikkje gitt innspel til det arbeidet. Slik vi les oversendingsbrevet skal arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel vere to separate planprosessar, men med delvis parallelle løp i starten.

De skriv vidare at arealstrategiar skal utarbeidast i kommuneplanen sin samfunnsdel, og at hovudmåla for arealdelen er;

- Utarbeide ein felles arealplan med samla plankart, føresegner og planomtale for heile Ålesund kommune.
- Konkretisere og implementere strategiar frå Regional plan for areal, klima og transport (PAKT).
- Oppdatere arealplanen ut frå ny kunnskap, erfaringar og endringar i lovverk og overordna føringar

Det er bra at kommunen prioriterer å få på plass overordna planar som er felles for kommunen. Til arbeidet med arealdelen må de ta stilling til om strategiane som er fastsett i PAKT gir tilstrekkeleg rammer, eller om de bør utarbeide eigne arealstrategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel som grunnlag for framlegg til arealdel.

Generelt om handtering av naturfare i planar

Det er eit viktig prinsipp at avklaring av reell naturfare skal skje på siste plannivå. Dette kjem klart fram i [KDD \(tidlegare KMD\) rundskriv H-5/18 «Samfunnsikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling»](#) side 12 der det heiter: «Ved siste plannivå er det ikke mulig å skyve nærmere avklaring av reell fare til byggesaken ved å sette vilkår for å innvilge byggesøknad. Kravet til ROS-analyse i lovens § 4-3 vil da ikke være oppfylt.»

Å avklare reell naturfare er å skilje mellom areal som stettar byggteknisk forskrift (TEK17) kap. 7 sine akseptkriterier for planlagd utbygging, og dei areal der akseptkriteria ikkje er stetta. Dersom kommuneplanen legg til rette for utbygging i aktsemdområde må de enten setje krav om regulering eller avklare om det er reell fare, eksempelvis i LNFR-område med spreidd utbygging.

Kartlegg areal som er utsett for potensiell naturfare

Utgreiing av flaum-, erosjon- og skredfare på kommuneplannivå har som mål å avklare om det er areal med potensiell fare i område der det kan vere aktuelt med utbygging. De må difor vurdere om det kan vere naturfare også i dei eksisterande byggeområda i gjeldande plan som ikkje er tatt i bruk til utbygging. Dette fordi tryggleikskrava i byggteknisk forskrift (TEK17) kap. 7 gjeld all utbygging i kommunen, uavhengig av reguleringsstatus, arealføremål i plan, om det er nye utbyggingsområde eller fortetting. Planprogrammet bør reflektere at de skal vurdere og kartfeste potensiell naturfare for alle område der utbygging er aktuelt.



Marker areal utsett for fare med omsynssoner i plankartet og styr utbygging til trygge område

Omsynssoner er eit godt verkemiddel for å synleggjere ulike omsyn som de skal ta i vidare planlegging og sakshandsaming av einskildsaker. Omsynssonene, og føresegner/retningslinjer knytt til dei, kan gå på tvers av arealbruksføremål, på tvers av eksisterande og framtidig bruk, og på tvers av regulerte og ikkje regulerte areal. For omsynssone *Fareområde* (pbl. § 11-8a/H310, H320) gir pbl. heimel til å gi føresegner knytt til sona som de ikkje har heimel til å gi til det einskilde arealbruksføremål på kommuneplannivå. NVE rår difor til at de innarbeider alle aktsemdområde for naturfare i plankartet som omsynssoner. Vi legg særleg vekt på at de gjer dette i eksisterande og framtidige byggeområde, inkludert LNFR-område med spreidd utbygging. Til omsynssonene må de knyte føresegner med anten byggeforbod, eller krav om nærare kartlegging av fare i alle reguleringsplanar. Vårt generelle råd er å styre ny utbygging til trygge område.

NVE retningsline 2/2011 «[Flaum- og skredfare i arealplanar](#)» med vedlegg gir nærare oversikt over korleis flaum, erosjon og skred kan utgjere ein fare, og korleis desse bør utgreiast og innarbeidast i kommuneplanen sin arealdel.

Nytt best mogeleg kunnskap om naturfare i planlegginga

Det er viktig at kommunen nyttar best mogeleg kunnskap om naturfare i planlegginga. Der det er kartlagt faresoner for skred, er utarbeidd flaumsonekart eller der kommunen har annan konkret og etterprøvbar kunnskap om fare, så kan denne kunnskapen nyttast i staden for dei landsdekkande aktsemdområda i dei aktuelle områda.

Meld inn farekartlegging

NVE ynskjer tilgang til alle flaum- og skredfareutgreiingar, både rapportar og eventuelle kartlagde faresoner. Informasjonen som NVE får inn, vil bli brukt til å oppdatere farekarta i NVE Atlas og det offentlege kartgrunnlaget (DOK). Kommunen kan bidra til dette ved å melde inn sjølv, eller oppfordre forslagsstillar til å melde inn naturfareutgreiingar til NVE via Altinn. Vi oppfordrar også til å melde inn grunnundersøkingar til NADAG. Det er meir informasjon om innmeldingsløysinga her: [Innmelding av farekartlegging - NVE](#).

Konkrete råd for å kartlegge og vise naturfare i kommuneplanen sin arealdel

Fare for skred i bratt terreng

I regi av NVE er det gjennomført skredfarekartlegging i bratt terreng for utvalde område i Ålesund kommune, jf. faresonekart på [NVE Atlas](#). De kan nytte kartlagde fareområde som grunnlag for omsynssone skredfare H310 i plankartet for å vise den beste kunnskapen om skredfaren.

For område som ikkje er kartlagt for reell fare, viser vi til aktsemdkart for jord- og flaumskred, steinsprang og snøskred som er tilgjengeleg i [NVE Atlas](#). Datasetta er også



tilgjengeleg for nedlasting i NVE sine karttenester og må visast med omsynssone skredfare H310 i plankartet.

Aktsemdkartet for snøskred som NVE publiserte i 2023 gir høve til å avklare tilstrekkeleg tryggleik avhengig av aktuell tryggleiksklasse i byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-3. NVE har laga ei prosedyre som kan vedtakast som føresegn til omsynssone skredfare H310 på aktsemdnivå i kommuneplanen sin arealdel. Ein føresetnad for å bruke prosedyren er at det mest konservative aktsemdkartet for snøskred (S3_snoskred_Aktsomhetsområde) inngår i omsynssone H310, saman med aktsemdkart for steinsprang og aktsemdkart for jord og flaumskred.

Kommunen kan til dømes vedta prosedyren som ei føresegn til omsynssona:

Omsynssone H310_X er aktsemdområde for skred bratt terreng. Grunnlaget for sona er aktsemdkart for snøskred S3 2023, aktsemdkart for steinsprang, og aktsemdkart for jord og flaumskred. I alle plan- og byggesaker skal avklaring av tryggleik mot skred skje etter følgjande prosedyre/framgangsmåte:

1. *Dersom tiltaket ligg innanfor aktsemdområde for steinsprang, og/eller jord- og flaumskred, må fagkyndige vurdere om tryggleiken mot skred er tilstrekkeleg i høve til krava i TEK17 § 7-3.*
2. *Dersom tiltaket ligg innanfor aktsemdområde for snøskred S3 2023, men utanfor aktsemdområde for jord- og flaumskred og aktsemdområde for steinsprang, gjeld følgjande:*
 - a. *For tiltak etter TEK17 § 7-3, 1. ledd og i tryggleiksklasse S3 må fagkyndige avklare om skredfaren er reell*
 - b. *For tiltak i tryggleiksklasse S2 kan aktsemdkart for snøskred S2 utan skogeffekt konsulterast.*
 - *Dersom tiltaket ligg utanfor aktsemdområdet er tryggleiken tilstrekkeleg og skredfaren avklart.*
 - *Dersom S2 tiltaket ligg innanfor aktsemdområdet må aktsemdkart for snøskred med skogeffekt konsulterast. Dersom tiltaket då ligg utanfor aktsemdområde for S2 med skogeffekt er tryggleiken tilstrekkeleg dersom det blir teke grep som sikrar at skogen sin skredførebyggande effekt blir teken vare på i framtida. Alternativt må fagkyndige kartlegge skredfaren som om skogen ikkje er til stades, og om naudsynt dokumentere tilstrekkeleg tryggleik ved bruk av risikoreduserande tiltak.*
 - c. *For tiltak i tryggleiksklasse S1 kan aktsemdkart for snøskred S2 med skogeffekt konsulterast.*
 - *Dersom tiltaket ligg utanfor aktsemdområdet kan tiltaket gjennomførast utan grep som sikrar at skogen sin skredførebyggande effekt blir teken vare på*
 - *Dersom tiltaket ligg innanfor aktsemdområdet må fagkyndige kartlegge skredfaren, og om naudsynt dokumentere tilstrekkeleg tryggleik ved bruk av risikoreduserande tiltak.*
3. *Fagkyndig kartlegging av skredfare i bratt terreng skal skje i samsvar med NVE sin [«Veileder for utredning av sikkerhet mot skred i bratt terreng»](#).*



For eventuell ny kartlegging av reell fare viser vi til NVE rettleiar for [kartlegging av skredfare i bratt terreng](#), og rår til at rettleiaren vert brukt ved bestilling og utarbeiding av skredfarevurderingar.

Fare for områdeskred av kvikkleire

I områda under marin grense kan det vere marin leire med potensiale for kvikkleire eller sprøbrotmateriale. Der det er samanhengande område med kvikkleire/sprøbrotmateriale og gitte terrengforhold, kan det vere fare for kvikkleireskred (områdeskred). I desse områda må det gjerast konkrete vurderingar for å dokumentere tilstrekkeleg tryggleik.

NVE sitt aktsemdkart for kvikkleireskred er basert på NGU sine lausmassekart og «Mulighet for marin leire» (MML) med kategoriane middels, stort eller svært stort sannsyn for marin leire. For dei områda der det er gjort detaljert kartlegging av lausmassane, er område med usamanhengande/tynt dekke og lite sannsyn for marin leire tatt ut. I område utan detaljert lausmassekart er alt areal under marin grense vurdert som aktsemdområde for kvikkleireskred. I aktsemdkartet er det også gjort ei GIS-analyse som friskmelder område der det ikkje er nok helling til at det kan gå kvikkleireskred.

I regi av NVE er det gjennomført regional kvikkleirekartlegging i tidlegare Ålesund kommune. Gjennom kartlegginga er det ikkje funne kvikkleiresone, og store område er vurdert utan fare for kvikkleireskred. Denne kunnskapen kan saman med lokale vurderingar av fare for områdeskred brukast til å avgrense aktsemdområda. For nokre område aust i kommunen er det ikkje gjort eller ferdigstilt detaljert kartlegging av lausmassane, og aktsemdkartet viser areal under marin grense som har stor nok helling til å utløyse eit kvikkleireskred.

NVE rår til at aktsemdkartet for kvikkleireskred blir brukt som grunnlag for omsynssone skredfare H310 i plankartet, med tilhøyrande føresegn som set krav om avklaring av reell fare på neste plannivå. Områda som er vurdert utan fare kan takast ut av omsynssona.

Det kan vere lokale forhold som viser at det ikkje er fare sjølv om arealet ligg innanfor aktsemdområde. De finn meir detaljar i vurderingar som kan gjerast i NVE sin [kartbaserte rettleiar for kommuneplanen sin arealdel](#). Dersom de ynskjer å avgrense aktsemdområda ytterlegare i arbeidet med kommuneplanen viser vi til NVE rettleiar [1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred](#).

Fare for flodbølge som sekundærverknad av fjellskred

Ved Storfjorden er det kartlagt to objekt med fare for fjellskred med flodbølge som sekundær verknad. For Åkneset er det kartlagt fare for slike hendingar med årleg sannsyn 1/5000 og 1/1000 som har verknad for Ålesund kommune. Fareområda er vist i [NVE Atlas](#) og er tilgjengeleg for nedlasting. Fareområda må visast med omsynssone Skredfare H310 i plankartet. For området ved Sjøholt i tidlegare Ørskog kommune, er det gjort egne vurderingar av konsekvensane ved flodbølge som sekundær verknad av fjellskred. Desse vurderingane kan kommunen legge til grunn i planarbeidet.

I arbeidet med kommuneplanen sin arealdel for Ålesund kan det vere område som ligg i fareområde for flodbølge som sekundær verknad av fjellskred, og som ikkje stettar



tryggleikskrava mot skred i TEK17 § 7-3. Eventuell utbygging i desse områda krev avklaring etter unntaksregelen i TEK17 § 7-4. Vi viser til NVE sin [rettleiar om tryggleik mot fjellskred](#) som vart publisert i 2024, der eit eige kapittel handlar om arealplanlegging. For kommuneplanen sin arealdel peikar rettleiaren på at det kan vere føremålstenleg å setje krav om reguleringsplan som avklarar vilkåra i TEK17 § 7-4. Det er ikkje til hinder for at de kan gjere desse avklaringane i arbeidet med kommuneplanen, men spørsmålet vil vere kor detaljert og fleksibel kommuneplanen skal vere.

For tidlegare Ørskog kommune har det vore gjort vurderingar knytt til flodbølgjeproblematikk. De bør ta stilling til om desse vurderingane også kan leggest til grunn i dette planarbeidet.

For Ålesund kommune er det utarbeidd samansett farekart for andre fjellskredobjekt der årleg sannsyn er vurdert $< 1/5000$, jf. farekart i [NVE Atlas](#). Med utgangspunkt i tryggleikskrava mot skred i TEK17 § 7-3 vil slik fare truleg ikkje få verknad for planarbeidet, men det bør endeleg avklarast gjennom ROS-analysen.

Fare for flaum og erosjon

I Spjelkavikvassdraget og nedre delar av Ørskogelva er det kartlagt reell flaumfare. NVE rår til at de synleggjer og tek omsyn til denne kunnskapen og eventuelt andre kartleggingar av reell fare i arbeidet med revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

Det beste generelle rådet er å halde nye bygg i god avstand frå vassdraga. Ei byggegrense på minst 20 m frå bekker med mindre nedslagsfelt enn 20 km² og 50 – 100 m frå elvar og større vassdrag vil i dei aller fleste tilfelle vere tilstrekkeleg til å unngå fare for flaum. Med unntak av område der bekker har skore seg djupt ned i lausmassar, dvs. ravinert terreng, vil 20 m avstand ofte vere tilstrekkeleg i høve til erosjonsfare langs bekker. Areal nærare vassdrag enn dette er å sjå på som aktsemdområde dersom ein ikkje gjer nærare vurderingar av flaum- og erosjonsfaren.

Aktsemdskartet for flaumfare som er tilgjengeleg i [NVE Atlas](#) er utarbeidd med utgangspunkt i desse generelle råda, og bør nyttast som grunnlag for omsynssone *Flaumfare H320* på kommuneplannivå, dersom de ikkje har meir detaljert kunnskap. I tilhøyrande føresegn må det kome fram at det er aktsemdsområde som krev vurdering av reell fare på neste plannivå.

Dersom de har mål om å kartlegge reell fare for flaum i vassdraga viser vi til NVE sin rettleiar [3/2022 Sikkerhet mot flom](#). Rettleiaren skildrar korleis flaumfare bør vurderast og utgreiast for å tilfredsstille krava i pbl. § 28-1 og tilhøyrande krav i byggtknisk forskrift (TEK17) § 7-2.

Klimaendringar, klimatilpassing og beredskap

I framtida er det forventet auka og endra flaummønster med fleire regnflaumar, også om vinteren. Det er også venta auka skredfare som følgje av endra nedbør. Eksempel kan vere auka fare for kvikkleireskred som følgje av meir erosjon. Erfaringane etter eksempelvis ekstremværet «Hans» i august 2023 viser at kommunane må ha eit sterkt fokus på klima,



klimatilpassing og lokal beredskap. Dette er svært viktig for å ivareta tryggleik for innbyggjarane og redusere skader på bygg, konstruksjonar og eigendomar.

Regjeringa forventar i dei reviderte [Statlige planretningslinjene for klima og energi](#) (og klimatilpassing) at kommunane legg dei høge utsleppsalternativa frå nasjonale klima-utgreiingar til grunn i arealplanlegginga. Hovudmålet med planretningslinjene er at klimatilpassing skal vere ein viktig premis for kommunane si planlegging etter plan- og bygningslova. Vi forventar difor at kommuneplanen blir brukt som eit viktig reiskap for å unngå utbygging i område med klima- og naturfareutfordringar. I 2022 offentleggjorde Riksrevisjonen ei undersøking av styresmaktene sitt arbeid med klimatilpassing av busetnad og infrastruktur; [Alvorlig kritikk til myndighetenes arbeid med klimatilpassing \(riksrevisjonen.no\)](#). I denne undersøkinga uttrykker Riksrevisjonen uro og kritikk fordi dei vurderer at styresmaktene ikkje har sikra seg tilstrekkeleg oversikt og sett i verk nødvendige tiltak for å sikre eksisterande busetnad og infrastruktur mot forventa klimaendringar.

Med (ny) kunnskap om klimaendringar og naturfare må de også vurdere om *eksisterande* utbyggingsområde er tilstrekkeleg robuste. Norsk klimaservicesenter har utarbeidd [klimaprofil for Møre og Romsdal](#). Vi rår til at de nyttar kunnskapen klimaprofilen gir om forventa klimaendringar i planarbeidet.

Utbygging kan gi problem med overvatn

Utbygging av naturområde med auka del harde flater kan gi auka avrenningsfart og auka flaumtoppar nedstraums. I verste fall kan dette auke sannsynet for flaum- og erosjonsskadar. Det er og viktig at de er merksam på at ny utbygging kan blokkere avrenninga ovanfrå, noko som igjen kan føre til skader på sjølve bygget, og/eller leie overvatnet i uønskt retning. Eit viktig prinsipp for overvassløysingar er å bidra til så «naturlike» forhold som mogeleg. Opne løysingar er betre enn lukka løysingar. De må også avklare og ta omsyn til klimaendringane sin verknad på avrenninga.

Ved store utbyggingsområde, og utbygging i tettbygde strøk, bør de vurdere kva krav til infiltrasjon og drying av avrenning som bør gjelde i dei ulike områda. Dette bør de gjere ut frå kunnskap om flaum- og vassføringssituasjonen i bekker og elver. For å sikre trygg bortleiing av vatn ved dei store regnhendingane bør de også kartlegge flaumvegane i byggeområda fram til resipient. Å sikre samanhengande flaumvegar krev planlegging på oversiktsnivå. De kan gjere dette som ein del av kommuneplanarbeidet, eller de kan sette krav om felles planlegging for område som omfattar nedslagsfeltet. Sjå [NVE sin rettleiar 4/2022 – «Rettileiar for handtering av overvatn i arealplanar»](#). Denne gjeld for både kommuneplan- og reguleringsplannivå. NVE har også publisert rettleiar [2/2023 Kartlegging av fare for overvann](#) som kan være til nytte i arbeidet.

Omsyn til vassdragsmiljøet

NVE rår til å sette byggegrenser mot vassdrag



Alle vassdrag bør merkast tydeleg i plankartet. Område i og langs vassdrag er verdfulle for miljø og friluftsliv. De bør ikkje legge til rette for utbygging tett inn til vassdrag, og vi rår til å innføre byggeforbod i eit bestemt meterbelte langs vassdrag. Breidda kan differensierast ut frå vassdraget og omgjevnadane sin karakter. For å ta i vare vassdragsmiljø og allmenne interesser i vassdrag, er det oftast naudsynt å sette byggegrenser i større avstand til vassdraget enn kva som er naudsynt av tryggleikssyn. For å gi god oversikt og sikre god styring med vassdrag og vassdragsnære areal rår NVE til at kommunen nyttar arealbrukskategorien *Bruk og vern av sjø og vassdrag*, jf. pbl § 11-7 nr. 6, til å merke alle vatn, elvar og bekkar som er vist med flate i kartgrunnlaget.

Gjer greie for konsekvensar for allmenne interesser i vassdrag

NVE oppmodar om å legge opp til ein arealbruk som ikkje medfører inngrep i vassdrag. Dersom kommuneplanen sin arealdel legg opp til tiltak som inneber inngrep i vassdrag må de i konsekvensutgreiinga (KU) gjere greie for om tiltaket påverkar allmenne interesser i vassdraget. Som døme på allmenne interesser kan vi nemne fiskens frie gang, allmenn ferdsel, naturvern, biologisk mangfald, vitskapleg interesse, kultur og landskapsomsyn, jordvern, omsyn til flaum og skred osb.

Verna vassdrag

Innanfor kommunegrensa til Ålesund kommune er [Solnørelva](#) verna mot kraftutbygging. Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag skal leggst til grunn i planarbeidet. Retningslinjene gjeld hovudelv, sideelvar, større bekkar, sjø og tjern og eit område på inntil 100 m breidd på sidene av desse. Det må leggst opp til ein arealbruk som ikkje reduserer verneverdiane knytt til vassdraget. I konsekvensutgreiinga bør det gå fram som eige vurderingstema korleis nye planlagde tiltak påverkar verneverdiane i vassdraget. De må kome tydeleg fram av plandokumenta korleis omsynet til verna vassdrag er tatt omsyn til.

Omsyn til energianlegg

Sentral og regionalnettanlegg, transformatorstasjonar og andre større kraftleidningar som krev konsesjon etter energilova er unnateke reglane i pbl., jf. § 1-3. Eksisterande og vedtekne større høgspenningsanlegg og transformatorstasjonar skal avsettast som omsynssoner *Bandlegging etter anna lovverk* (pbl. § 11-8 d/H740) i plankartet.

Mindre kraftleidningsanlegg innanfor områdekonsesjonane fell innanfor verkeområdet til pbl. Desse kan de sette av i plankartet som *Teknisk infrastruktur* etter pbl. § 11-7 nr. 2.

De bør markere reguleringsmagasin i plankartet som omsynssone/område som er bandlagt etter vassdragslovverket med føremål *Reguleringsmagasin* (pbl. § 11-8 d). Anlegg for produksjon av energi bør de sette av som område for *Bebyggelse og anlegg*.

Data om vassdrags- og energianlegg er tilgjengeleg på [NVE Atlas](#).



Rettleiingsmateriale frå NVE

På NVE sine sider om [arealplanlegging](#) ligg ytterlegare rettleiingsmateriale som syner korleis de kan arbeide med våre tema i samband med kommuneplanarbeidet. Våre nettsider inneheld og ei [nedlastingsløysing](#) for ei lang rekke temadata.

NVE har utarbeidd ein kartbasert rettleiar for kommuneplanarbeidet som er tilgjengeleg på denne lenka; [Kartbasert veileder for kommuneplanens arealdel \(arccgis.com\)](#).

Dersom de ynskjer ytterlegare informasjon og rettleiing oppmodar vi dykk om å ta kontakt.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

ÅLESUND KOMMUNE

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune

Ålesund Kommune
Att:
Postboks 1521
6025 Ålesund

Fiskeridirektoratets uttalelse til varsel om oppstart av planarbeid og høring av planprogram – kommuneplanens arealdel – Ålesund kommune

Vi viser til deres oversendelse datert 17.02.2025, og uttalelsesfrist 15.04.2025.

Oppsummering

- Vi tilrår generelt at nasjonalt og vesentlig regionalt viktige områder for aktive- og passive redskap tas inn i det juridisk bindende plankartet og inngår i flerbruksformål som inkluderer fiske, eller i særlige tilfeller avsettes spesielt som enbruksområder med arealformål "Fiske" (FI). Dette gjelder særlig områder av nasjonal og vesentlig regional verdi. I denne saken forutsetter vi at de to omtalte områdene for aktive redskap av nasjonal verdi, samt de åtte omtalte områdene for passive redskap av nasjonal og vesentlig regional verdi sikres i planarbeidet. Vi anbefaler også at de ti andre særskilt omtalte større områdene for aktive redskap sikres i planarbeidet.
- Det er viktig at kjente registreringer av verdifullt marint biologisk mangfold blir ivaretatt.
- Generelt må som et minimum nasjonalt og regionalt viktige gytefelt for torsk ivaretas på en god måte. Disse må avsettes med arealkategorier som inkluderer fiske, men uten aktivitetstyper som kan påvirke disse negativt. Vi anbefaler at også gytefelt for torsk av lokal verdi sikres i planarbeidet.
- Det er viktig at det avsettes tilstrekkelig egnet areal for akvakultur, samt tilstrekkelig areal for eksisterende akvakulturlokaliteter. Generelt anbefaler vi at det avsettes areal for akvakultur som enbruksområder, slik at det dekker både overflateanlegget og nødvendige fortøyninger, eller ved at en i bestemmelsene til planen presiserer bruken av vannsøyle og bunn ved at fortøyningene kan ha en utstrekning ut over akvakulturområdet på vannflaten.
- Vi ber om at alle areal som i gjeldende arealdeler er avsatt til akvakultur gjennomgås, og at egnethet og størrelse vurderes.
- Det er nødvendig med en gjennomgang og opprydding i bestemmelser og områdenavn for arealformål i sjø. _____

Fiskeridirektoratets rolle i planarbeid

Fiskeridirektoratet har som formål å fremme lønnsom og verdiskapende næringsaktivitet gjennom bærekraftig og brukerrettet forvaltning av marine ressurser og marint miljø. Samfunnsoppdraget overlapper i stor grad med FNs bærekraftsmål nummer 14 «*Bevare og bruke havet og de marine ressursene på en måte som fremmer bærekraftig utvikling*». Vi skal ivareta fiskeri- og akvakulturnæringenes interesser i planarbeid.

Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023–2027

I de nasjonale forventningene står det blant annet at «Helhetlig planlegging er nødvendig for å sikre ressursgrunnlaget for utvikling av natur- og kulturbaserte næringer som landbruk, reindrift, fiskeri og reiseliv.» Det er en nasjonal forventning at «*Det settes av tilstrekkelige og egnede nye arealer for akvakultur gjennom oppdaterte regionale og kommunale planer for kystområdene, som også kan omfatte utvikling av akvakultur utenfor kysten og landbasert akvakultur. Planene ivaretar miljøhensyn og andre samfunnsinteresser.*»

De nasjonale forventningene skal følges opp i kommunenes planarbeid. Forventningene ligger til grunn for Fiskeridirektoratets medvirkning i planleggingen.

Planstatus

Kommuneplanens arealdel for Ålesund består i dag av fire separate arealdeler fra hver av de tidligere kommunene Sandøy, Ålesund, Ørskog og Skodje. Disse er vedtatt av de tidligere kommunene mellom 2006 og 2019. Alle fire omfatter både land- og sjøarealene.

Da nye Ålesund kommune ble etablert i 2020 ble det utarbeidet en ny samfunnsdel som ble vedtatt i januar 2021. Selv om mange av målene kan sies å være like relevante i dag, er kommunen etter planvedtaket etablert på nytt etter utskillelsen av Haram kommune. Det er vedtatt revisjon av samfunnsdelen i innværende kommunestyreperiode. Revisjon av samfunnsdelen vil gå parallelt med oppstart av planarbeid og utarbeiding av planforslag for arealdelen. Utarbeiding av arealstrategier vil derfor bli en del av begge planprosessene og en konkretisering av arealstrategien vil komme som del av planforslaget.

Planprogrammet for revisjon av samfunnsdelen ble lagt ut til offentlig ettersyn i juni 2024 sammen med høring av planstrategi 2024–2027. Fiskeridirektoratet har ikke fått tilsendt denne saken på høring, og ber om at vi i fremtiden står på kommunens høringsliste i slike saker.

Vurdering av planprogrammet

Formål og bakgrunn for planarbeidet

- Sjølvforsyning utan tollvern vil forbli ein illusjon. Utan verkty for å regulere marknaden svekkast matproduksjonen; -er den først borte, blir den kostbar, tidkrevjande og vanskeleg å byggje opp igjen.

Auka import sikrar ikkje levande bygder og kulturlandskap på Nordvestlandet!

Som leiar i Noregs Bondelag Bjørn Gimming seier; *“Utan tollvern og marknadsregulering forsvinn landbruket frå distrikta, og med det både arbeidsplassar og beredskap.*

Det vil vere direkte uansvarlig og det har ikkje Noreg råd til.”

Jordvern:

Regjeringa ønskjer å auke sjølvforsyninga til 50%, noko som med vårt ressurgrunnlag vil bli krevjande: Av dei 3 prosentane som er dyrkajord i Noreg, er kun ca. 1% eigna til dyrking av korn og grønnsaker som kan etast direkte av menneske.

Resten eignar seg til å dyrke gras til dyrefôr; -men 45% eignar seg til beite.

I lys av dette, er det særleg trist med nedbyggingssaka på Indreskodje:

Trass massiv motstand frå bondelag, bønder, landbrukskontor og statsforvaltar, pressa tidl. Skodje kommune og utbyggingsfirma med hjelp av departementet dette gjennom.

Noko av grunngevinga var visst at “..forslaget vil bidra til en positiv utvikling av Skodje sentrum...” (Alle som køyrer gjennom bygda, ser at Skodje aldri har hatt noko definert sentrum, og vil heller aldri få det.)

Som namnet “Indreskodje” vitnar om, ligg dette perifert lengst aust i bygda, med køyreavstand til alle tilbod.

Vi merka oss at den nye kommunen ikkje var å sjå på t.d. folkemøtet, og berre har vidareført tankegangen som vi ser alle stader: “Her var det fint! -lettvin og rimeleg å byggje!”

Om ein reknar det nasjonale jordvernmålet på maksimalt 2000 dekar/år ned til kommunenivå, har altså Ålesund kommune med eit einaste jafs nytta heile kommunen si maksimale “årskvote” til å etablere byggjefelt på glimrande, sørvendt dyrkajord, ureversibelt nyttbart til matproduksjon.....

Vi undrar oss på om dette er premissane kommunen legg til grunn i framtida, viss utbyggarar står på døra? (Dei fleste kommunar ville her ha nytta “kvoten” til å prioritere t.d. vegkryss, gangveggar eller annan kritisk infrastruktur.)

Attpåtil vart dette vedteke året etter den tragiske *tørkesommaren 2018*, og avgjort i Kommunal og distriktsdepartementet den 8.mai (!) 2020, midt i ein pandemi, med stengte grenser.... Det må vere lov å kalle dette både grov uforstand, og eit hån mot våre forfedre -som med handemakt braut opp denne jorda.

Det er iallefall historieløst, og eit skuleeksempel på korleis jordvern ikkje skal utøvast:

Det er ikkje meir enn knappe 3 generasjonar sidan ålesundarar stod på dørene nettopp i Skodje (og andre bygder) for å nå tak i mat.

Dette viser at byen ikkje kan fø seg sjølv; det lyt bønder til!

Noko av det same fortalde ein gamal sjåfør frå Sjøholt i eit intervju med dotter si:

“Hadde eg ikkje hatt torskegarn og Ørskogvika, hadde vi ikkje hatt mat jula 1943....”

I lys av punkta over, meiner vi jordvern må vere overordna i all samfunnsplanlegging og framtidig arealforvaltning, i staden for ofte å vere redusert til ein lettvin reserve i sak-for-sak forvaltning.

I Totalberedskapskommisjonens rapport (NOU 2023:17) og Riksrevisjonens dokument 3:4 (2023-2024) understreka det stadig aukande behovet for å sikre Noregs matproduksjonsnivå og sjølvforsyningsgrad, som ein kritisk del av beredskapsarbeidet. Totalberedskapskommisjonen tilrår «å videreføre en restriktiv jordvernpraksis for å sikre nødvendige arealer til matproduksjon, inkludert å vurdere virkemiddelbruk». I Riksrevisjonens dokument kjem det også tydeleg fram at matjorda i Noreg ikkje vert forvalta på ein berekraftig måte i dag.

På bakgrunn av dette, finn NSBL det naturleg at jordbruk får ein mykje meir sentral rolle i planarbeidet: Slik det no er, “vandrar” det litt diffust att og fram mellom natur- og grøntareal i det eine kapittelet, sneiar så vidt innom næring i det neste, før det igjen er tilbake under grøntareal.

Vi sit att med ei kjensle av at ein ikkje heilt veit kvar ein skal plassere jordbruket, men trass utdaterte tal, skulle side 1 i høyringssvaret ovanfor klart dokumentere både stor verdiskaping og tunge ringverknader, og at vi soleis høyrer heime under næring.

Nordre Sunnmøre Bondelag har frå M&R BL fått tilgang til dokumentet
“Regionalt jordvernbrief 2024 - Jordbruksareal i planlegging og sakshandsaming”
som Statsforvaltaren i Vestland 17.12.2024 sende ut til sine kommunar.

Dette er ein unik oversikt over situasjonen på vestlandet (like aktuell her) -og ein glimrande rettleiar i jordvern/arealforvaltning.

Vi tilrår sterkt å studere denne, og tillet oss difor å sitere:

“Vi viser med dette til brevet *Matjord og arealplanlegging i kommunane* (LMD 20/638) frå Landbruks- og matdepartementet (LMD) og Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) til landets kommunestyrepolitikarar 29.01.2024, og *Oppdatert jordvernstrategi i Prop. 121 S (2022-2023)*, med m.a. nytt jordvernmål for 2030. Dette brevet er eit oppfølging av vårt brev *Forvaltning av jordbruksareal i arealplanlegging og sakshandsaming* (22/7393) frå 2022 til kommunane i Vestland.

Brevet frå departementa peika m.a. på:

- Jordvernet sin betydning for mattryggleik og beredskap
- Kommunane som lokal planstyresmakt sitt ansvar for forvaltning av landbruksareala, inkludert ansvar for oppdaterte planar og planprosessar og planstrategiar der jordvern blir sett på dagsorden
- Kommunane si prioritering mellom samfunnsomsyn, og plikt til alternativ vurdering ved omdisponering av matjord til andre føremål
- Innstramming av jordvernmålet til maksimalt 2 000 dekar omdisponert årleg innan 2030
- At matjord er ein ikkje-fornybar, og såleis ein avgrensa ressurs

Regjeringa merker seg den enorme byggreserven i norske kommunar, og oppmodar til å ta ut tidlegare godkjende (også regulerte) byggeføremål på jordbruksareal (planvask). Kommuneplanprosessen må med bakgrunn i *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027* og rapporten frå NINA *Planlagt utbyggingsareal i Norge...* (NINA-rapport 2310) bli strengare med både å ta inn nye, og vidareføre gamle føremål på dyrka og dyrkbar mark. Nedbygging er den arealbruksendringa som gjev størst utslepp av klimagassar.

Det er viktig for Noreg si evne til å oppfylle natur- og klimamåla at kommunane bruker planverktøya til å hindre nedbygging av karbonrike areal som skog, myr og jordbruksjord.

Det nasjonale jordvernresultatet er i realiteten summen av kommunane sine prioriteringar, då avgjerda om omdisponering i plan og sakshandsaming i hovudsak ligg hjå kommunane. Samstundes er det å «stille areal til rådvelde» noko av det mest synlege kommunar og lokalpolitikarar gjer i nærings- og samfunnsutviklinga. Dette er eit dilemma kommunane og politikarane må ha høg merksemd på. Jordvernet har lokalt gjerne vore uttalt som ei politisk hensikt eller ønske, utan konkrete mål eller verktøy for å sikre det i arealdel og sakshandsaming, og har slik ofte vorte redusert til eit spørsmål om å vege samfunnsinteresser mot kvarandre i enkeltsaker. Med styrkt plankompetanse og nye verktøy har no kommunane høve til å systematisere jordvernarbeidet i planprosessar og sakshandsaming.

Mål og resultat for jordvernet i Vestland

Departementa understrekar at «jordvernålet er eit nasjonalt mål, og ikkje ei kvote som skal fordelast på kommunar eller fylke». Statsforvaltaren i Vestland har likevel sidan 2022 rekna ned jordvernålet på fylkes- og kommunenivå, som ein illustrasjon og eit utgangspunkt for kommunane sine lokale prioriteringar og mål. Vestland fylkeskommune har òg sett det regionale jordvernålet på maksimum 180 dekar per år basert på fylket sin del av dei nasjonale jordbruksareala.

Vestland er likevel eit av fylka som overforbruker mest jordbruksareal, heile 80-130 % meir enn «vår del» av nasjonalt jordvernsmål. Rett nok er vi kanskje landets brattaste fylke, med påfølgjande arrondering, rasfare o.a. som avgrensar nyttbart areal, spesielt i fjordkommunane.

Men vi har også byar og tettstader med aukande folketal og press i bustadmarknaden, der potensialet for effektiv arealnytting, transformasjon og gjenbruk av areal ikkje vert tatt ut fordi vi er vande med å spreie tettstadane utover. Dette kan samstundes gi mindre attraktive tettstader. Heile 50 % av jordtapet i Noreg skjer i og rundt sentra.

Omfanget av jordbruksareal i kommunale byggereservar er altfor stort. Nasjonalt femner dei 70 års jordvernsmål, i vestlandskommunane meir. Fylkeskommunen sitt arealrekneskap viser arealreservane i den enkelte kommune i Vestland. Rett nok treng kommunane ein viss overkapasitet for geografisk fleksibilitet, men kommuneplanane skal eigentleg berre dekke arealbehovet for 10-12 år. Når matjord må byggast ned må vi forvente høg nyttingsgrad og stor samfunnsnytte. Det skal framleis vere rom for kommunane til å utvikle både små og store lokalsamfunn, men dette må i større grad skje utanom dyrka jord.

Det største potensialet for jordvernvinst ligg i å prioritere bort bustadareal med låg nyttingsgrad (og fritidsbustad) på dyrka mark i det heile.

Bustad står for det største jordtapet i Vestland (38 %), der finst stort sett alltid alternativ plassering, og samfunnsnyttan er ikkje stor nok til å forsvare nedbygging av den avgrensa jordressursen, som ikkje vil rekke til stort meir enn samferdsle og senterutvikling.

Kva kan kommunane gjere?

Det er kommunane som har ansvar for arealforvaltninga lokalt, og difor også for tapet av jordbruksareal. Men kommunane har ei monaleg verktøykasse dei kan ta i bruk. Lista er ikkje uttømande:

Drift og handheving av driveplikt er «førstelinja for jordvernet», då brakk jord fort vert sett som lite verdt og utsett for auka byggepress, både kommersielt og politisk.

Eigar må tidleg få varsel når areal går ut av drift, med påfølgjande pålegg om drift.

Driveplikta er vesentleg både for å sikre at jorda er i god hevd og for å få omsett landbrukseigedomar til dei som faktisk vil drive dei.

Kommunen bør bidra aktivt til kopling mellom eigarar og drivarar av jordbruksareal for å sikre drift. Som førstelinje for landbruksutvikling skal kommunen medverke til å fremje bruksutvikling/-utbygging og samarbeid mellom gardsbruk.

Driftsprosenten for jordbruksareal i Vestlandskommunane varierer mellom 50 og 90 %.

Innmarksbeite er særleg utsett for brakklegging med påfølgjande byggepress, spesielt i pressområde og i ytre kystområde, der små teigar avgrensar moglegheiten for drift av store innmarksbeiteareal.

Oversikt over løpande omdisponering av jordbruksareal (i år/over år) i sakshandsaminga er naudsynt for at kommunen skal kunne ta informerte avgjerder i enkeltsaker og sjå jordvernsakene i samanheng over tid. Ei isolert sak-for-sak vurdering fører til bit-for-bit-nedbygging.

Kommunen må prioritere kva den knappe ressursen med jordbruksareal skal og bør brukast til. Dette krev god kommunikasjon mellom landbruk, plan- og byggesak i kommunen, og er avgjerande for rapportering og ajourføring av omdisponert jordbruksareal i *Kostra* og *AR5*.

Kommunal jordvernstrategi og kommunalt jordvernsmål er tiltak som LMD og KDD har oppmoda kommunane til, og som LMD har ei tilskotsordning for. I 2024 har Bergen, Voss og Bjørnafjorden inkludert Samnanger og Tysnes fått tilskot, og fleire kommunar har starta eller planlagt jordvernstrategiar på eige initiativ.

Arbeidet med jordvernstrategi bør skje tidleg i kommuneplanprosessen (planstrategien), og mål og strategiar må inngå i arealstrategi eller arealdel.

Ein kommunal jordvernstrategi er ikkje juridisk bindande, men ein grenseoppgang mellom arealplanlegging, byggesakshandsaming og landbruksforvaltning, som gjer at jordvernet vert lettare å ivareta.

Nydyrking vert av departementa peika på som viktig for å oppretthalde og utvide jordbruksareala og auke jordbruksproduksjonen. Mellom anna kan oversikt over dyrkbare areal og moglege dyrkingsprosjekt inngå i kommunal jordvernstrategi.

Massedisponering til jordbruksføremål kan bidra til nytt eller forbetra jordbruksareal og sikre at sjølve matjorda ved nedbygging framleis vert nytta til jordbruksføremål.

Føresett eit faktisk behov i landbruksdrifta, kan bruk av jord- og overskotsmassar bidra til å realisere kompensierende nydyrkingsprosjekt eller bakkeplaneringsprosjekt som betrar jordbruksgrunnlaget gjennom oppgradering av eksisterande innmarksbeite og overflatedyrka jord. Godt planlagt kan prosjekt for bruk av slike massar til jordbruksføremål både redusere deponibehov og gjere tungdrive jordbruksareal betre eigna for drift.

Jordbruksareal til jordforbetring/bakkeplanering må gjerne identifiserast i ein lokal prosess med bønder og grunneigarar, og gjerne planfestast i kommuneplanen.

For meir om metodikk og rådgjeving kan de t.d. sjå til Norsk Landbruksrådgiving Vest

<https://vest.nlr.no/fagartikler/jord/vest/jordmasser-fra-problem-til-ressurs>.

I kommuneplanprosessen legg kommunane grunnlaget for jordvernforvaltinga i ein større samanheng og på lengre sikt:

- **Planstrategi og faktagrunnlag:** Kommunen sine planprosessar går ofte over lengre tid enn ein kommunestyreperiode. Det er difor viktig at kunnskapsgrunnlaget om jordbruksareala og landbruksnæringa er oppdatert, og at eventuelle prosessar med landbruksnæringa er planlagd i god tid før oppstart av arbeidet med kommuneplanen.

- **Samfunnsdel med arealstrategi:** Planen bør ha ein bolk om landbruksnæringa og utviklinga, og ein arealstrategi med konkrete mål og prioriteringar for jordvernet, slik at den gir mest mogleg konkret retning og grunnlag for rullering og planvask av kommuneplanen sin arealdel. Eit arealrekneskap over gamal kommuneplan bør inngå allereie i arealstrategien.

- **Arealdel med planvask og arealrekneskap:** På få år har det nærast vorte standard med arealrekneskap eller anna oversikt over omdisponeringspotensialet for jordbruksareal i kommuneplanframlegga. Vi ser på dette som obligatorisk kunnskapsgrunnlag når kommunane skal forvalte jordvernansvaret sitt, og eit godt verktøy for å få eit meir realistisk nivå på byggereservane på jordbruksareal. Vestland fylkeskommune sitt *arealrekneskap-verktøy* kan som sagt vere til god hjelp. Gjennom planvask må kommunen gå gjennom tidlegare avsette areal og vurdere desse på nytt.

Rammene for jordvernpolitikken er stramma inn så raskt og radikalt dei siste 10-15 åra at gamle vurderingar ikkje utan vidare kan leggjast til grunn, og eldre føremål kan møte motsegn i planprosessen. Eldre areal bør difor gjennomgåast med same mal som for nye areal.

Planframlegga bør synleggjere vurderingane og resultatane av planvasken.

Føresegner må femne avgrensing mot nedbygging av dyrka mark i LNFR-S, og krav til høgare nyttingsgrad ved prioritert/naudsynt omdisponering av jordbruksareal til bustad- og sentrumsføremål, inkludert fortetting og utbygging av restareal med dyrka mark.” (Sitat slutt)

I høve PAKT, vil vi framheve at jordbruket i området allereie er i ein kritisk situasjon, med stadig færre, men hardsatsande bønder- dei fleste med høg leigejordsprosent.

Det er difor heilt avgjerande at ein no i PAKT-samarbeidet klarer å bevare dagens allereie fragmenterte jordbrukslandskap: Ei ytterlegare oppsplitting fører berre til enno fleire tunge, saktegåande landbruksmaskiner langs vegane til irritasjon og heft for biltrafikken, og enno meir utgiftsauke for jordbruket. Eit anna problem som krev samarbeid er viltforvaltninga: Hjorteviltet får ved utbyggingar endra trakk/gangareal og forvillar seg inn i “tettbygd” strøk. Talet viltpåkøyrslar er allereie alt for høgt!

Nordre Sunnmøre Bondelag meiner vi med dette høyringsinnspelet har gjort vårt til å *“oppdatere arealplanen ut fra ny kunnskap, erfaringer og endringer i overordnede føringer”, ref. kap. 3; Formålet med planarbeidet”*

Vi ynskje lykke til med arbeidet, og stiller oss gjerne til rådighet for vidare samarbeid, særleg kring arealrekneskap (3. kulepunkt, øvst denne side).

Beste helsing
for NSBL
Knut Ivar Bøe
-leiar-

Til Ålesund kommune
v/ planavdelingen

Ålesund 14.04.25

Fra Anna Hellstrøm
Fjellgata 47 B
6003 Ålesund
a-hellst@online.no

Innspill til rulling av kommuneplanens arealdel vedrørende veglinjer, Solnørvassdraget, uteoppholdsarealer, strandsonen, sykkel, konsekvensutredning og arealnøytralitet

Undertegnede bor på Klipra, har en liten hytte innerst i Solnørdalen, jobber som arealplanlegger i privat sektor og har tidligere vært prosjektleder for kommuneplanrulling i både Hvaler og Fredrikstad kommuner. Mitt innspill er skrevet som privatperson. Jeg tar meg også friheten å gi noen velmenende råd til dere planleggerkollegaer, med håp om at det kan bidra til å lette planprosessen for dere.

Veglinjer

Solnørvassdraget er et av få varig verna vassdrag. At det ikke er utbygd, og at elva flyter fritt med store variasjoner i vannføring, gir hele dalføret store naturverdier. Det er en sjelden situasjon, som over tid er blitt enda mer sjelden. Det siste året er det også bekreftet i kartlegging at området har store sammenhengende områder med naturskog.

Gjeldende kommunedelplaner har ikke sammenhengende veglinjer gjennom Solnørvassdraget. Jeg vil foreslå at veglinjene fjernes helt, og at avgjørelsen om og hvor Europavegen skal bygges gjøres i kommunedelplanarbeidet som Vegvesenet driver. Vegvesenets målsetting er at det skal gå så raskt å kjøre bil mellom Molde og Ålesund at flere kan pendle med personbil der. Det er en målsetting som virkelig er gått ut på dato. Vi skal ikke kjøre mer bil og vi tar møter på Teams. Slik Vegvesenets planer er nå er det foreslått totalt sju felt opp mot Ørskogfjellet, noe det ikke er behov for, hvis man ikke forutsetter en kraftig økning i personbiltrafikk. Dessuten foreslås et svært motorvegkryss i en myr som i dag er naturreservat oppe på fjellet. I tillegg kommer stygge inngrep i naturen i Solnørdalen. Totalen er omfattende, stygge naturinngrep. Man gjør ikke slik lenger. Et alternativ kan være at kommunen markerer at vegutbygging slik Vegvesenet ser for seg er uaktuelt, og at man i tillegg til å fjerne veglinjer også avslutter planarbeidet for strekningen Digerneset-Ørskogfjellet.

Hytter og friluftsområder i langs Solnørvassdraget/Svartløken

Det er i planprogrammet uklart om den interkommunale kommunedelplanen for Solnørvassdraget inngår i planarbeidet eller ikke. Jeg forutsetter at planområdet inngår.

Kommunedelplanen for Solnørvassdraget viser både nye hytteområder og LNF-område med spredt bygging. LNF-spred bør fjernes helt, da det formålet gjør det vanskelig å styre utbygging slik at f.eks naturverdier og jordvern ivaretas. Mye av hyttebyggingen foreslås på myr, og bør derfor fjernes. I tillegg har planen en svakhet ved starten for skiløypene foreslås flyttet til bortenfor Liasetra, mens parkeringsplassen fortsatt ligger på Braute 2,5 km derifra. Ved å begrense hyttebygging vil det ikke oppstå et behov for å brøyte vegen til Liasetra og skiløypen/parkeringsplassen kan fortsatt ligge der den er i dag.

Vær klar over at kartleggingen av friluftslivsverdier i tidligere Skodje og Ørskog kommuner er gjort på veldig forskjellig måte. I området rundt vannene Svartløkvatnet/Mevatnet/Akslevollvatnet er det samme typer verdier, samme skiløype, samme natur, men det er registrert store friluftsverdier i Skodje og nesten ingen verdier i Ørskog.

Uteoppholdsarealer

Endelig skal PAKT-planen implementeres! Det betyr at vi ikke lenger i like stor grad skal bygge boligfelt med eneboliger. Det betyr også at flere av oss skal bo nær service som f.eks dagligvarebutikker og at færre av oss skal bo der det ikke finnes alternativer til bilkjøring. Det er store endringer for Ålesund kommune.

Gjeldende kommuneplaner har krav til lekeplasser/uteoppholdsarealer som er egnet for eneboligfelt. Når vi bor tettere, f.eks. i leilighet, vil behovet bli et annet for uteoppholdsarealer. I tillegg til en privat balkong er det behov for et større grønt område, helst en park. Det er behov for uteoppholdsarealer ikke bare for barn, men for alle aldre. Dette må sikres ved utbygging av leilighetsprosjekter, ikke bare prosjektene med flest nye boliger. Ideelt sett settes det av arealer til nye parker der hvert utbyggingsprosjekt så kan bidra til opparbeidelse ved hjelp av rekkefølgebestemmelser og utbyggingsavtaler. Det krever at kommunen organiserer seg på en ny måte. Det krever også at kommuneplanens bestemmelser utformes slik at de passer for leiligheter, ikke bare eneboliger. De nye parkområdene vil også kunne fungere som en del av overvannshåndteringen. Kommunen er tjent med å rigge seg på en måte som ikke gjør at man får behov for å dispensere fra kommuneplanbestemmelsene.

Strandsonen i byen

Ålesund er en by ved sjøen, men på Nørvøya og Aspøya er det jammen ikke enkelt å komme tett på sjøen. Ja, vi skal være en havneby, men vi skal også ha et bysentrum som lever. Da trenger vi fortetting med flere boliger og flere arbeidsplasser helt i det mest sentrale av byen. Tilgang til sjøen er viktig for å sikre byens attraktivitet. Det gjelder også andre transformasjonsområder enn bare i sentrum. Det gjelder overalt der man bygger nytt eller transformerer områder i strandsonen til annet enn havn. Kommuneplanen burde ha krav til at dersom man skal bygge i strandkanten, så skal de ytterste la oss si 10 m være en strandpromenade som er offentlig tilgjengelig. Strandpromenaden bør være så bred at den også frister til opphold (benker, beplantning). En del av kravene til uteoppholdsarealer for nye boliger bør være å bygge en offentlig tilgjengelig strandpromenade. Hvilke områder som ikke skal tilrettelegges for opphold, men som skal fungere som havn, er en avklaring som også hører hjemme i kommuneplanens arealdel.

Sykkel

Dessverre er Ålesund mange ganger blitt kåret til Norges dårligste sykkelby. Jeg tror systemet med sykling på fortau sterkt bidrar til det. Det er behov for å fastslå trasé for hovedsykkelveg, i hvert fall mellom Brosundet og Moa/Breivika. I tillegg til trasé på plankartet må det knyttes bestemmelser til traséen om at det skal være separat sykkelfelt der. Vi som pendler med sykkel har ofte elsykkel. Den går i 25-30 km/t og har ikke noe å gjøre på et fortau.

Konsekvensutredning

Utredningstemaene for konsekvensutredning som er gjengitt er hentet fra KU-forskriften. Min egen erfaring er at for kommuneplanens arealdel vil disse utredningstemaene fungere dårlig. Det er ikke ønskelig med en omfattende tabell der plutselig kriminalitetsforebygging får like stor plass som naturmangfold samtidig som senterstruktur som tema er utelatt. Man bør heller slå sammen temaer til større grupper, og kutte ut de temaene som ikke er relevante for et så overordnet plannivå. Ta heller utgangspunkt i noen få hovedtemaer hentet fra de aller viktigste styringsdokumentene, dvs PAKT-planen og kommuneplanens samfunnsdel. Vedtatt planprogram bør fastslå hvilke utredningstemaene skal være.

Arealnøytralitet

Jeg har hørt politikere ha målsetting om arealnøytralitet. Det er strålende, men jeg tviler på at de har forstått hva det betyr. Det betyr bl.a. å fjerne alle områder for nye hytter og nye eneboliger. Det er tøffe politiske avgjørelser og for Ålesund en voldsom endring. Jeg håper likevel at den nye kommuneplanen går i den retningen.

Til sist vil jeg ønske mine planleggerkollegaer i kommunen et stort lykke til med planprosessen videre! Dere har en stor jobb framfor dere, ikke minst med finne skjæringspunktet mellom kommunalt politisk selvstyre og overordnede krav til planlegging. Jeg vil spent følge med på hva som skjer videre! Lykke til!

Vennlig hilsen



Anna Hellstrøm

Ålesund kommune
Postboks 1521
6025 ÅLESUND

Ny arealdel 2027-2040 – innspel frå Attvin

Attvin er eig av åtte kommunar i Ålesundregionen, med Ålesund kommune som største eigar. Selskapet handterer eigarkommunane sine lovpålagde oppgåver innan hushaldsrenovasjon og tømning av slam frå separate avløpsanlegg. I tillegg leverer selskapet avfalls- og slamtenester til næringslivet og verksemdar i eigarkommunane. Attvin har ein eigen samarbeidsavtale med Ålesund kommune om drift av avfallsdeponiet kommunen eig i Bingsa.

Sirkulærøkonomi i arealdelen

Attvin har hovudkontor i Bingsa. I Bingsa-området ligg ei rekkje industriverksemdar som har avfall som råvarer, som brukar jomfruelege råvarer eller som kombinerer avfall og jomfruelege råvarer i sin produksjon. Vi ser allereie døme på industrielle symbioser mellom dei ulike verksemdene i Bingsa, og det er planar og etableringar som vil styrke desse i åra framover.

I arbeidet med Grønt Industriløft Møre og Romsdal, eit strategisk samarbeidsprosjekt leia av Innovasjon Norge og Møre og Romsdal fylkeskommune for å leggje til rette for grøn omstilling og styrke regionale planverktøy og kompetanse, er aktiviteten rundt Tafjord Kraftvarme sitt energigjenvinningsanlegg på Grautneset identifisert som eit av dei områda med størst potensial for å bli ein sirkulær hub i vår region.

Ein vesentleg del av avfallet som er brensel i energigjenvinningsanlegget, blir forprosessert på to avfallsanlegg i Bingsa (Attvin og Norsk Gjenvinning). I denne forprosesseringa blir ulike typer avfall frå ulike kjelder kverna og blanda på ein måte som skal gi best mogleg drift av energigjenvinningsprosessen. Asken frå forbrenningsanlegget blir returnert til Bingsa, der metallet (som utgjer 10 %) blir rensa ut. I Bingsa er det også etablert m.a. ein

metallgjenvinningsaktør (Vartdal Gjenvinning), sementfabrikk, asfaltverk, og Veidekke Materials sitt massehandteringsanlegg, i tillegg til fleire ulike transportverksemdar. Gjennom etableringa av Rewaste sitt renseanlegg for vått avfall og ESAM sitt deponi for reine massar i 2025 blir Bingsa i stadig større grad ein sirkulær hub, noko etableringa av Alvika Miljøpark også har som mål å bidra til.



For å omstille Møre og Romsdal fra fossil til fornybar er de sirkulære hubene nøkkelen. I Møre og Romsdal er flere av disse plassert på store utslippspunkter som skal gjennom store transformasjoner til mer klimavennlig produksjon.



Dekarbonisering og omstilling av de store utslippspunktene og annen industri gir store muligheter for andre aktører. I tillegg vil helhetlig planlegging av nye huber legge til rette for samarbeid og utnyttelse av alle ressurser.



Når en virksomhet utnytter reststoffene til en annen aktør, eksempelvis overskuddsvarme og avfall, inn i sin virksomhet kalles det industriell symbiose.



Industriell symbiose og samlokalisering er vinn-vinn økonomisk for alle aktørene som er i huben, for natur, miljø og for mennesker. Ved å samlokalisere bedrifter og samarbeid rundt materialstrømmer og energi reduseres kostnader knyttet til eksempelvis utslipp, energi og innsatsfaktorer.

Frå hovudrapporten for Grønt industriløft: Sirkulære huber sikrer omstilling av eksisterende industri og framveksten av nye forretningsmuligheter.

Hubsamarbeid er en viktig driver for fremtidig industriutvikling, både i Norge og Europa

Industriell symbiose og samarbeid på tvers av lokasjoner er en viktig del dersom man skal lykkes med EUs strategier

Siden 2021 har samlokalisering av industri med utgangspunkt i industriell symbiose og utnyttelse av reststoffer fått økt oppmerksomhet nasjonalt



«Industrielle symbioser og grønne huber er svaret på å nå Europas klimamål. Hele regioner og industrier må handle sirkulært gjennom å utveksle materialer og energi»
SINTEF (2023)

«En del av Europas strategi for å øke sirkularitet og redusere avfall, spesielt i prosessindustrien, er å skalere opp regionale økosystem gjennom Hubs4Circularity. En hub kan også være en havn, fordi havner er knutepunkt for næringsaktivitet»
Climate-KIC (2023)



«Det vil også ofte være nyttig å samlokalisere ulike aktører i verdikjeden slik at logistikk av varer, kompetanse og energi optimaliseres»
Veikart 2.0: Grønt industriløft (2023)

Fylkeskommunene, Innovasjon Norge, Forskningsrådet og Siva har inngått forpliktende samarbeid om mer helhetlig og samordnet bruk av nasjonale og regionale ressurser for å stimulere grønn næringsutvikling. Det er enighet om å arbeide strategisk med tre samfunnsoppdrag med regionalt utgangspunkt:

1. Utvikle grønn sirkulær industri gjennom industriell symbiose.
(Hvert fylke realiserer minst to industrielle symbioser for å utnytte ressurser som går til spille i dag. Utvikle 100 grønne industriområder/næringsområder med netto nullutslipp gjennom industriell symbiose, på tvers av verdikjeder.)
2. Bygge infrastruktur for grønn sirkulær industri
3. Kompetanseløft for å realisere grønn sirkulær industri

Det er tydelege nasjonale forventningar om at kommunane gjennom si arealplanlegging skal leggje til rette for ein meir sirkulær økonomi. I «Nasjonale

forventninger til regional og kommunal planlegging 2023–2027», vedtatt som kgl. res. i juni 2023 er dette formulert slik:

4.5 Verdiskaping i ein sirkulær økonomi

Meir sirkulære løysingar og betre ressursutnytting er nødvendig for å få til ei meir berekraftig utvikling i Noreg. I ein sirkulær økonomi utnyttar ein ressursar og produkt effektivt og så lenge som mogleg, i krinslaup der minst mogleg ressursar går tapt. Dette erstattar uttak av, og produksjon med, nye ressursar. Langsiktig og berekraftig forvaltning av ressursar og effektiv arealbruk er viktig for å redusere forbruk, klimagassutslepp og tap av natur og kulturmiljø.

Sirkulær økonomi gjev rom for utvikling av nye verksemdar og arbeidsplassar i heile landet, og fylkeskommunane og kommunane kan leggje til rette for dette gjennom samfunns- og arealplanlegginga, verksemdsutøvinga og som pådrivarar for næringsutvikling. Kommunane har ei sentral rolle i omstillinga gjennom forvaltinga av eigne areal, infrastruktur og eigedomar, i utforminga av avfallstenester, lokalisering og tilrettelegging av avfallsbehandling og ved å leggje til rette for ombruk av eksisterande bygningar og anlegg og auka materialgjenvinning. Fylkeskommunar og kommunar kan også påverke forbruket ved å stille klima- og miljøkrav innanfor regelverket for offentlege anskaffingar.

Gjenbruk av overskotsmassar og andre mineralske ressursar av god kvalitet er eit viktig steg mot ein sirkulærøkonomisk bygg- og anleggsbransje. Gjenbruk kan redusere arealbehovet og kostnader og utslepp knytte til transport, avgrense deponering av massar på land og i sjø, og bidra til at grus- og pukkressursane varer lenger. Det er viktig at uttak av nytt byggjeråstoff og areal til mellomagring og deponering av overskotsmassar blir sett i samanheng og avklart i regionale og kommunale planar. I alle planar for større utbyggingar er det viktig at ein prøver å oppnå massebalanse for å unngå overskotsmassar.

Dei konkrete forventningane er vidare formulert slik:

Forventning 42: Fylkeskommunane og kommunane legg gjennom areal- og samfunnsutviklinga og verksemdsutøvinga si til rette for omlegging til ein meir sirkulær økonomi, der ressursar og eksisterande bygningar og anlegg blir brukte lengst mogleg og i større grad brukte om att og oppgraderte.

Forventning 44: Heilskapleg masseforvaltning blir avklart i regionale og kommunale planar. Planar for større byggje- og anleggsarbeid avklarar korleis overskotsmassar skal disponerast og korleis nødvendig areal til handteringa skal sikrast. Moglegheita for ombruk og materialgjenvinning blir vurdert, og ein bør prøve å oppnå massebalanse.

Forventning 49: Fortetting og transformasjon av bustad- og næringsområde blir vurdert før nye, større utbyggingsområde blir sette av og tekne i bruk.

I PAKT, som ligg til grunn for revisjonen av arealdelen til Ålesund kommune, er desse forventningane noko konkretisert, her heiter det m.a.:

For arealdelen vil følgende punkt være viktige å få vurdert:

- Se på samla, regionale næringsområde som kan støtte opp under en bærekraftig godstransport, sett i sammenheng med hovedvegnett og godshavner.
- Samling av næringsareal i større satsningsområder kan legge til rette for mer effektiv arealutnytting, og mindre nedbygging av naturområder, sammenlignet med mer spredt utvikling av enkeltområde.
- Vurdere næringsareal med hensyn til attraktivitet og realisme i utbygging.

Sett frå Attvin si side, vil det vere viktig at arealdelen strekar under kor viktig Bingsa som eksisterande og framtidig hub for sirkulær verksemd, kanskje særleg innan tunge massar og avfall, er og vil vere i tiåra framover. Ålesund kommune er ein svært sentral aktør i dette arbeidet, i og med at kommunen har fleire roller; som planmynde, som grunneigar for store område i Bingsa og som eigar av Attvin.

Handtering av avfall må for å oppfylle nye krav i forurensningsloven (der industriutslippepsdirektivet er sentralt) i stadig større grad skje under tak og på fast dekke for å unngå uheldige utslepp til miljøet. Det blir (heldigvis) også stilt stadig strengare krav til utslett av vatn. For å sikre tilfredsstillande branntryggleik må det samstundes vere større avstand mellom dei stadig større bygga som blir oppført på eit anlegg som handterer avfall. Arealdelen må sikre at verksemdene i den sirkulære hubeni Bingsa får høve til å oppdatere anlegga sine i tråd med dei nye miljøkrava, kommunen bør difor vere varsam med å stille for restriktive krav til t.d. byggjehøgde eller -volum.

I 2024 tok Attvin over eit areal som tidlegare var nytta til massetak, og som no blir nytta til avfallsanlegg. Fram mot 2035 vil det vere nødvendig å sikre ytterlegare areal for etablere ei ny celle for deponering av avfall i Bingsa, dagens deponi vil bli fullt og må avsluttast. Denne deponiutvidinga må sjåast i samanheng med framdrifta av uttak av jomfruelege steinmasser.

I Ålesundregionen er det i dag berre to aktive avfallsdeponi, det andre anlegget ligg på Vestnes. Sjølv om det er eit nasjonalt mål om å redusere mengden avfall som går til deponi, spelar deponia, på same måte som energigjenvinningsanlegga, ei kritisk rolle i å sikre eit sirkulært samfunn, og deponia er særleg kritiske for næringslivet. Ein stor del av det avfallet som blir deponiert i Bingsa i dag, er avfall frå industrien som innehalder høge verdier av miljøgifter, og som det manglar gjenvinningsløysingar for. Også i beredskapssituasjonar har deponia vore viktige. Avfallsdeponi er difor samfunnskritisk infrastruktur.

Attvin vil også gjenta vår tidlegare oppmoding til Ålesund kommune om at det tidlegare deponiarealet som i stadig mindre grad blir nytta til trafikkøvingbane («NAF-bana») blir tilbakeført til industri- og avfallsformål (kopi av vårt brev til ÅKE 11. april 2024 ligg ved).

Hushaldsrenovasjon som kritisk infrastruktur

I tillegg til aktiviteten i Bingsa, henter Attvin avfall heime hos alle husstander i Ålesundregionen, i tillegg til at vi henter avfall frå mange verksemder, både kommunale og private. Henteordninga for avfall er regulert av kapittel 10a i avfallsforskriften, som krev at både hushalda og dei fleste verksemder skal ha separat henting av fem ulike avfallstyper:

- 1) Matavfall
- 2) Plastavfall
- 3) Papiravfall
- 4) Glas- og metallemballasjeavfall
- 5) Restavfall

Lokalt er henteordninga også regulert av forskrift om renovasjon, vedtatt av Ålesund kommunestyre 16. november 2023, der Attvin har fått fullmakt til å fastsette ytterlegare retningslinjer.

Innsamling av hushaldsavfall er i dag i stor grad tungt og manuelt arbeid, der avfallet blir henta i avfallsdunkar med faste intervall. I mange høve er vegstandarden ikkje tilpassa dagens bruk av køyretøy, og det er krevjande å sette av tilstrekkeleg areal til oppsamlingseiningar.

Det skjer også ei fortetting i heile regionen, der det blir bygd fleire felleshushald enn einestader. Dette heng også saman med den demografiske utviklinga, med færre personar i kvart hushald.



Dei framtidige renovasjonsløysingane må difor utformast på andre måter. Desse renovasjonsløysingane vil i større grad vere fellesløysingar for fleire hushald. For at dei skal oppfylle krav til branntryggleik og universell utforming, blir løysingane i større grad av den bygde infrastrukturen, i motsetnad til i dag med flyttbare avfallsdunkar. I møte med eigarkommunane i april 2025 presenterte Attvin denne utviklinga slik:

Meir og fleire framtidsretta løysingar er nødvendig

- Meir arealbehov → smartere arealbruk
- Fleire bør vurdere samarbeidsløysingar
- Vi må tåle å gå nokre meter for å kvitte oss med avfall
- Bruk av teknologi for å sikre rett tømmeffrekvens og redusere tungtransport i bybildet
- Kommunen, utbyggjarar, entreprenørar og Attvin må SAMARBEIDE

Dette vil på sikt gi avkastning i form av meir kostnadseffektiv drift. Dette kjem innbyggjarane til gode gjennom betre kostnadskontroll.



A

35

Frå presentasjon i eigarmøte i Attvin 8. april 2025. Bildet er frå Aspegata.

Det at renovasjonsløysingar i større grad blir ein del av den tekniske infrastrukturen, gjer at omsynet til innsamling av avfall i større grad må inn i det ordinære kommunale plansystemet. I den tidlegare renovasjonsforskrifta for Ålesund kommune, som blei oppheva frå 1. januar 2024, var det ein eigen del om dette:

Del 4: Renovasjonsteknisk planlegging

§ 13 (plikt til å ha renovasjonsteknisk plan)

- Alle som foreslår ein reguleringsplan eller utbyggingsavtale i regionen, pliktar å utarbeide ein renovasjonsteknisk plan for det området planforslaget omfattar.
- Ansvarleg søkar i byggjesak pliktar å leggje fram ein renovasjonsteknisk plan for den eigedomen eller dei eigedomane som er omfatta av tiltaket.
- Kommunen kan ta avgjerd om at renovasjonsteknisk plan ikkje treng utarbeidast.
- Dersom ein bustadeigedom ikkje har tilgjenge direkte med ordinær renovasjonsbil skal det vere avtale om stadfesta renovasjonsrett på annan eigedom før eller i samband med frådelings- eller byggjesak.

§ 14 (omfanget av og innhaldet i renovasjonsteknisk plan)

Ein renovasjonsteknisk plan skal vise korleis oppsamling og innsamling av avfall skal løysast fysisk for det området eller den eigedomen planen omfattar, samt korleis andre eigedomar eventuelt blir påverka av den foreslåtte løysinga. Renovasjonsteknisk plan skal omfatte avfallet frå driftsfasen til eigedomen.

Desse tilhøva bør vere omtalte i planen:

- a. Tekniske løysingar for oppsamling av avfall, dvs. behaldar, konteinar, nedgravne løysingar, avfallssug etc.
- b. Hovuddimensjonar for oppsamlingseiningar, samt dimensjoneringsgrunnlaget
- c. Plasseringa av oppsamlingseiningane
- d. Eventuelle høve til utviding ved seinare overgang til større eller fleire oppsamlingseiningar
- e. Tilgjenge og tømme stad for renovasjonsbil
- f. Type avløpsanlegg og eventuelle utfordringar knytt til tømning av slamanlegg
- g. Stadfesta pliktar og rettar (servituttar) som er relevante for renovasjon
- h. Korleis nabo- og gjenboeigedom blir påverka av løysinga som er foreslått.

§ 15 (krav til tekniske løysingar for innsamling av hushaldsavfall)

Kommunen kan, der det er nødvendig for å sikre at arealbruken og busetnaden blir lagt til rette for å vere til gagn for den enkelte og samfunnet, gjennom særskilte reglar i arealdelen i kommuneplanen, i reguleringsplan eller i utbyggingsavtale, stille krav til dei tekniske løysingane for oppsamling av hushaldsavfall.

Dette kapitlet blei tatt ut av renovasjonsforskrifta i samband med kommunedelinga, både fordi det var uheldig å ha denne typen plankrav med heimel i særlov (forurensningsloven) og fordi kravet om å leggje til rette for avfallshandtering ikkje berre gjeld for hushaldsrenovasjon, dette gjeld i like stor grad også for verksemdar.

Attvin vil i staden foreslå at det blir tydeleggjort i føresegner til arealdelen at det i alle arealplanar som blir utarbeidd skal synleggjerast korleis oppsamling og innsamling av avfall skal løysast fysisk for det området eller den eigedomen planen omfattar, samt korleis andre eigedomar eventuelt blir påverka av den foreslåtte løysinga.

Infrastruktur for øvrig avfallshandtering

Sjølv om eigarkommunane har overført mange oppgåver innan avfallshandtering til Attvin, så har kommunane framleis nokre lovpålagde oppgåver på avfallsfeltet. Dei viktigaste oppgåvene kan kort beskrivast slik:

- 1) Det følgjer av § 35 i forurensningsloven at «Kommunen skal sørge for oppsetting og tømning av avfallsbeholdere på utfartssteder og andre

sterkt besøkte offentlig steder hvor det må regnes med at avfall vil bli gjensatt».

Kommunen har altså eit ansvar for renovasjon i sentrumsområde og i mykje brukte friluftsområde. Det er i dag eit samarbeid med både Attvin og Friluftsrådet om drifta av slike renovasjonsløysingar. Gjennom planprosessane er det viktig å leggje til rette for miljømessig gode og rasjonelle løysingar for å oppfylle dette lovkravet.

- 2) Det følgjer av § 36 i forurensningsloven at «Vegstyresmakten skal sørge for oppsetting og tømning av avfallsbeholdere langs offentlige veger utenfor tettbygd strøk hvor de vegfarende erfaringsmessig etterlater seg avfall. Beholderne skal plasseres slik at de er forenlige med trafiksikkerheten.»

Kommunen har altså eit ansvar for renovasjon langs kommunal veg. I praksis er det i dag større fokus på renovasjon langs riks- og fylkesvegar, men kommunen driftar også nokre slike løysingar sjølv i dag.

Attvin takkar for at vi får høve til å gi innspel til arealdelen. Vi ser fram til å delta vidare i medverknadsprosessen.

Med vennleg helsing



Øystein Peder Solevåg

Dagleg leiar

Ålesund kommunale eiendom KF
v/Wegard Fladmark

Festekontrakt for gnr 34 bnr 249 i Bingsa

Attvin er eit avfallsselskap som er eigd av kommunane i Ålesundregionen, med Ålesund kommune som majoritetseigar. Vi har ansvaret for lovpålagde avfallstenester for innbyggjarane i Ålesundregionen. I tillegg leverer Attvin samfunnskritiske tenester innan avfall og slam til eigarkommunane og næringslivet i regionen.

Attvin har i dag ein festekontrakt med Ålesund kommune for dei områda vi nyttar i Bingsa. Denne blei frå 1. januar 2024 utvida med eit område nord for dagens avfallsanlegg. Vi viser til kontakt på epost og møte 11. april 2024, med spørsmål om festeavtalen for vår naboeigedom i sør, gnr 34 bnr 249 i Alvikvegen i Bingsa.

Det er viktig for framtidig drift av tenestene til Attvin, at vi får tilgang til dette området når dagens festekontrakt går ut.

Området, som i dag er nytta til bilsport og køyreopplæring, og i enkelte høve som komagasin for Bingsa miljøstasjon, er eit avslutta deponi som er registrert som ein lokalitet med grunnforurensning. Det er difor strenge restriksjonar på arealbruken. Området er knytt til Attvin sitt nett for oppsamling av sigevatn. Saman med Ålesund kommune skal Attvin det neste året gjennomføre omfattande tiltak for å rense sigevatnet frå eksisterande og avslutta deponiområde i Bingsa. Ei oversikt over sigevassledningane ligg ved.

Rammevilkåra for avfallsverksemdar er i rivande utvikling. Ei viktig drivkraft for denne utviklinga er målsettingane om meir sirkulærøkonomi. For å sikre at meir av det som i dag er avfall kan gjenbrukast eller gjenvinnast, må fleire avfallstyper enn før lagrast og behandlast separat, noko som krev meir areal. Parallelt med dette kjem nye miljøkrav, t.d. industriutslippsdirektivet frå EU, som fører til at meir av avfallsbehandlinga må skje under tak. Dette gir eit behov

for å sette opp fleire bygg. Og dette skjer i ein situasjon der brannkrava aukar, med strengare krav til avstand mellom bygg.

Det skal i denne samanhengen også nemnast at Bingsa miljøstasjon, som var bygd i 2000, har om lag 100 000 besøk årleg. Dette er meir enn dobbelt så mykje som stasjonen var dimensjonert for. I løpet av dei kommande åra vil vi ha behov for å utvide miljøstasjonen.

Samla sett fører desse krava til at det blir krevjande å drive eksisterande verksemd, og ikkje minst utvide tilbodet vi skal gi innbyggjarane og næringslivet i regionen, innanfor det arealet Attvin disponerer i dag. Vi vil ha behov for meir areal, og det mest naturlege vil vere å ta over det arealet vi allereie har etablert avløpsløysingar på.

Med vennleg helsing




Øystein Solevåg

Dagleg leiar

Kopi: Ålesund kommune



Dronefoto av området mars 2024 med kartlagde vass- og avløpsledningar



Status for området i kommunedelplan for Ålesund 2016 - 2028



Reguleringsstatus for området